

LNK AVISA

info@lnk.no

NR 5 • 2008 • ÅRGANG 7

www.lnk.no

Etterlyser pilotkommune

Bergen kommune har no innført papirlaust byråd. No leitar ein etter ein nynorsk kommune til prosjektet.

• Sjå s. 5

Språkutfordring i Barne-TV

NRK har ein lang veg å gå for å nå målet om 25 prosent nynorsk i kanalen.

• Sjå s.8

Stolt marknadsføring

På Voss er dei stolte av språket sitt. For Skigutane AS og Kari Traa AS er det naturleg å nytte nynorsk i marknadsføringa.

• Sjå s.14

Nøgd budsjettvinnar



Nynorsk kultursentrum og direktør Ottar Grepstad er godt nøgd med ei løyving på 10,1 millionar kroner over statsbudsjettet. LNK fekk 500.000 kroner ekstra.

• Sjå s.16

Den omsette verda



Ei lærarinne frå Australia vekte språkinteressa til omsetjar Tove Bakke. No vert ho festspeldiktar.

• Sjå s.12-13



Satsar på reiselivet

I Bykle kommune veks folketalet. Kommunen baserer mykje av næringa si på reiseliv og turisme. På heilårsbasis utgjer gjesteovernattingane i kommunen 1750 innbyggjarar, mot dei 910 fastbuande. Kommunen satsar på at hytteturistane blir lenger på hytta enn tradisjonelt.

- Me ser at mange vel å ha kontordagar på Hovden medan dei er på hytta og strekker helga frå torsdag til måndag, seier dagleg leiar i Bykle og Hovden Vekst, Kjell Pedersen-Rise

Trass i at ein også på Hovden ser at hyttemarknaden har stagnert noko planlegg Bykle ei større hytteutbygging i midtregionen av kommunen.

• Side 18 - 20



TRADISJON OG MODERNE KOMFORT – HAND I HAND!

Hotell Hordaheimen framstår som ny, større og endå betre! Vi gjev alle medlemmer av LNK og deira tilsette spesialprisar på overnatting både helg og vekedagar.

	Vekedagar	Helg
Enkeltrom	kr 695,-	kr 595,-
Dobbeltrom	kr 895,-	kr 795,-

Sei du representerer ein LNK-kommune når du tingar rom. Herleg frukostbuffet er inkludert.

HOTELL HORDAHEIMEN

Best Western

Tlf: 55 33 50 00 / e-post: booking@hordaheimen.no

Informasjonsavis for
Landssamanslutninga av nynorsk-kommunar

Redaktør
Toyni Tobekk

Eit budsjett med mange sider

Regjeringa har lagt fram eit budsjettforslag nynorsk-miljøet kan leve med. Trass i dette ser ein også hol i budsjettframlegget.

Elevane frå Knarvik vidaregåande skule som me møter i denne avisa har vore heldige. Dei har nemleg fått sine nynorsk-bøker i tide. Det er ikkje slik for alle. Me ser mange saker der læremiddel ikkje finst i nynorsk språkdrakt – iallfall ikkje for nokon nemner det og legg press på saka. Ein bokhandlar hjå Nordhordland Libris forklarar det slik:

- Problemet med at nynorske skulebøker kjem for seint dukkar først og fremst opp når bøkene er nye. Då argumenterer forlagane med at det er flest som skal ha bokmål. Difor må dei trykke desse bøkene først.

Me har høyrte det før: det er pengane som rår. Det er lite å tene på nynorske læremiddel, meiner dei fleste forlagane skal ein tru det som kjem fram i media.

Difor forståar me godt Noregs Mållag som i ei pressemelding der dei slår ned på at det ikkje er sett av pengar til ei ekstra løyving for å sikre nynorskelevane lærebøker.

- Me har brukt heile hausten til å kartleggje og dokumentere mangelen på nynorske læremiddel i skulen, og Utdanningsdirektoratet har òg dokumentert dette i eigen rapport. Mange lærebøker kjem ikkje ut på nynorsk i det heile, fordi det manglar pengar til støtte. Likevel kjem ikkje ekstraløyingane som trengst for å løyse mangelen på nynorske lærebøker dette skuleåret – det er rett og slett for dårleg, seier Hege Myklebust.

Men det er verdt å nemne at langt frå alle postar i budsjettet var like dårlege. Nynorsk kultursentrum står til dømes fram som ein budsjettvinnar med ei løyving på 10,1 million kroner.

Gledeleg er det også at ein halv million kroner er sett av til å fremje nynorsk i media, det såkalla og etterlengta Vinjefondet. Dersom ein får dette fondet på fote vil det føre til ei styrking av den nynorske journalistikken og levekåra for den nynorske journalisten. Då får det heller vere at fondet inntil vidare er utsett, på grunn av at ein treng betre førebuvingar.

Som kjent: det er pengane som rår.

Utgjevar:
Landssamanslutninga av
nynorsk-kommunar (LNK)

Redaksjon:
Ingrid Hillestad
Ingvild Grane
Judith Sørhus Lillehamar
Astrid Eidhammer Hjeltneland

Faste spaltistar:
Jan Olav Fretland
Vidar Hoviskeland

Korrekturlesar:
Ola Hauge

Adresse til redaksjonen:
LNK-Avisa
Næringsbedet i Vatlandsvåg
4235 Hebnes

Telefon 52 79 04 80
Telefaks 52 79 04 81
E-postadresse:
bladstova@lnk.no

Montering:
Norsk Plan A/S
Astrid Eidhammer Hjeltneland

Trykk:
Sunnhordland
Opplag omlag 6000

Bladet kjem normalt ut 6 gonger per år og kan
tingast hjå


LNK, tlf. 22 33 14 00,
LNK-Avisa, tlf. 52 79 04 80,
eller bladstova@lnk.no
Pris kr 150 per år.

Utgjevingsplan
2/12

Annonseprisar:
1/1 side kr 17 000,-
(253x360 mm)
1/2 side kr 10 000,-
(253x175 mm eller 124 x 360 mm)
1/4 side kr 6 500,-
(128x175 mm eller 57x360 mm)
20 kroner per millimeter.

Prisane gjeld ferdig materiell.
Tillegg for farge.

Annonsar blir òg leverta
som pdf-fil til:
bladstova@norsk-plan.no



Illustrasjon: Leif Harald Forthun

Nynorsk oppvekst

Å styrkje nynorsk i kvardagen må vere å gjere nynorsk skriftspråk meir synleg og vanleg for barn og unge. Heilt frå barna får auge på skrifta må dei få sjå nynorsk skrift kvar dag. Dette gjeld ikkje berre for dei som har nynorsk som opplæringsmål, men for alle barn og unge i Noreg.

Kunnskapsdepartementet vil "Styrkje nynorsk i kvardagen for barn og unge i barnehage og skule", står det i Stortingsmelding nr. 23, "Språk bygger broer" som kom i mai. Det er svært positivt at departementet er så klart i sine målsetjingar, men meir konkrete tiltak må til for å få til ei styrking. Mellom anna må både tilgangen på læringsressursar og vurderingsordninga i norskfaget, gjenspegle at bokmål og nynorsk er reelt jamstilte språkformer i Noreg.

Kompetanseutvikling i nynorsk for førskulelærarar og lærarar. Skulen er den viktigaste arenaen for nynorsk i framtida. Kommunar med nynorsk som opplæringsmål må kontrollere at elevane får den nynorskopplæringa dei har krav på. Elevane skal ha opplæring i nynorsk i alle fag, og ein kan ikkje lenger tolerere at lærarar ikkje kan undervise både i og på nynorsk. Men det er vanskeleg for lærarar å undervise godt i nynorsk dersom opplæringa dei har fått på dette feltet er mangelfull og kompetansen låg. Difor må det kome kompetansekrav til lærarane i nynorsk, og lærarutdanninga må gje eit betre tilbod om utdanning i nynorsk og korleis ein underviser i nynorsk. I Landssamanslutninga av nynorsk-kommunar bør dette vere ei sak å arbeide for. I næraste framtid skal det lagast nye planar for lærarutdanninga, og det er varsla ei stortingsmelding om lærarutdanning, så høve til å påverke er til stades.

Nynorsk for barn. Kvar møter barn skrifta? Jau, i bøker, i blad, i barnfjernsyn, som tekst på videofilm, i aviser, på internett og i dataspel. Alle desse områda er domnerte av bokmålstekst eller engelsk. Somme påstår at dei fleste ungar av den grunn lærer å lese på bokmål eller engelsk først, og at nynorsk er ein tilleggskompetanse

for barn som bur i distrikt med nynorsk som opplæringsmål. Dei dubba filmene som små barn konsumerer i store mengder, har sterk innverknad på talemålet og dermed også på skriftspråket. Dei fleste skodespelarane som gjev stemmer til filmar for barn høyrer ut til å snakke oslodialekt. Det språklege mangfaldet med to norske skriftformer og mange dialektar, er ein rikdom som barnehagar og skular pliktar å ta vare på, og foreldra treng kunnskap og informasjon om kor viktig dette er for barna.

På nettet. Engelsk og bokmål er dominerande på nettet òg. Her ligg det ressursar til læring og underhaldning som både små og store barn nyttar seg av. Eit større tilbod av nynorske nettressursar må kome, og ressursane må finnast i alle sjangrar og for alle aldrar. Ved Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa arbeider vi for å styrkje nynorskopplæringa, og vi er med på å utvikle og vise fram nynorske læringsressursar. Det er viktig at nynorskopplæringa er moderne, og at positive ting skjer når det gjeld nynorsk for barn og unge på nettet. Men dette er eit omfattande område, og det trengst mange aktive aktørar for å få til eit fullgodt tilbod.

Nynorsk i opplæringa. Opplæringsplanar, stortingsmeldingar, lover og reglar er positive til å styrkje nynorskopplæringa. Men skal ein oppnå betre nynorskopplæring i skulen, må også lærarutdanning og førskulelærarutdanning ha klare krav til kompetanse i og om nynorsk.

KRONIKKFORFATTAREN

Anne Steinsvik Nordal

Leiar for Nasjonalt senter for
nynorsk i opplæringa
Høgskulen i Volda



Få meir ut av pensjonsordninga

Pensjonsordninga er kommunane sitt største og viktigaste innkjøp. Ny forsikringslov har vore gjeldande frå 1. januar i år. No gir vi kommunen din nye valmogelegheiter for forvaltning av pensjonsmidlane som kan bidra til å få ned pensjonskostnadane. For ein gjennomsnittskommune kan det bety fleire millionar kroner i året. Ved å gjere ei evaluering av pensjonsordninga, kan kanskje nettopp kommunen din få meir ut av pensjonsordninga og frigjere middel til hardt tiltrengte kommunale oppgåver.

Ta pensjonsordninga ut på anbod – snakk med oss om offentleg pensjon.

Se www.storebrand.no/offentlig eller ring oss på 08880.



Landssamanslutninga
av nynorskkommunar (LNK)

•
P.B 7044
St. Olavs plass
0130 Oslo
•
www.lnk.no
•
info@lnk.no
•
Dagleg leiar:
Vidar Høviskeland
•
Styret:
Jan Magne Dahle, leiar
Astrid Myran Aarvik, nestleiar
Solfred Borge
Kjell G. Helland
Rune Øygard
•
Varamedlemmer:
Nils R. Sandal
Velaug Veum
Oddvar Haugland

LNK arbeider for å skape positive haldningar til nynorsk språk og kultur og for at kommunane og styresmaktene tek desse sakene opp gjennom sine planverk.

LNK tek på seg å vere talerør for medlemene og spreie informasjon som styrker dialektane, nynorsk skriftspråk og dei kulturtradisjonane dette står for.

•
LNK samarbeider med:
Bladet Sunnhordland
KLP forsikring
Hotell Bondeheimen
Fagforbundet
Kommunalbanken

Vil skape politisk engasjement

Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK) samarbeider med Nasjonalt Garborgsenter, Noregs Ungdomslag og Landslaget for Lokalaviser (LLA) om å etablere pilotprosjektet "Mot til å meine" som har som mål å få fleire unge til å engasjere seg i politisk arbeid. Meininga er at dei tre kommunane Hjølmeland, Sauda og Time i Rogaland skal delta i prosjektet der både dei vidaregåande skulane, kommunane og lokalavisene vil bli involvert. Det er Nasjonalt Garborgsenter som skal stå for gjennomføringa av prosjektet som er ei grein i LLA sitt prosjekt "Ung og engasjert".

LNK-avisa rettart:

I forrige utgåve av LNK-avisa kom vi i skade for å gje kunstnar og kunsthistorikar Inger Lena Gåsemyr namnet Gåserud i saka om Grakniitt. Vi orsakar dette. red.

Høviske ord

Carl I Hagen har teke eit initiativ for å få omsett grunnlova til eit forståeleg norsk. Dette er ein viktig tanke som fleire politiske parti har gjort seg, og som mange politikarar hatt på ønskelista lenge. For å dokumentera kva som kan gjerast har Hagen fått pensjonist Finn Erik Vinje til å laga ei prøveomsettning for seg. Sjølv i Vinjes gammalmodige riksmålsversjon ser me at ideen har noko for seg.

For dei fleste av oss har det vere plent uråd å lesa originalversjonen av vår eiga grunnlov. Originalspråket var sjølvsgatt dansk, men lova vart språkleg modernisert for over hundre år sidan, og sjølv den versjonen er vanskeleg å lesa – og såleis tilsvarende vanskeleg å forstå.

Slik kan me ikkje ha det. Stortinget bør med det første be språk- og jusskunnige miljø om å omsetja lova til moderne nynorsk og bokmål. Det kan høyrast enkelt ut, men er det ikkje. Det å laga presise omsetjingar av ein lovtekst til to ulike språk – eller to ulike språkformer som i dette høvet, er komplisert. Eit ord eller ei vending kan skrivast likt, men ha ulikt meiningsinnhald og vekkja ulike assosiasjonar i ulike språkformer. Heldivis er ein grunnlovstekst så generell at ei slik oppgåve ikkje er uløysleg, jf den finske grunnlova som ligg føre på både finsk og svensk.

I 1901 omsette Nikolaus Gjelsvik såleis grunnlova til landsmål – to år før den reviderte riksmålsversjonen

låg føre. Gjelsvik sin versjon vart så omsett til nynorsk av høgsterettsdommar Karl Arne Utgård i 1976.

Når me har to likestilte språkformer her til lands skulle det berre mangla at ikkje eit dokument som grunnlova finst på begge. Dette handlar ikkje berre om språk, det er eit spørsmål om demokratiske rettart: Folk bør kunna lesa og skjona det dokumentet som me byggjer heile nasjonen vår på.

Me ser fram til å få den norske grunnlova på norsk!

Hausten er ei traurig tid.

Vind frå vest, regn som piskar mot sydvesten og den årvisse ansvarsfråskrivingsleiken mellom stat, fylkeskommunar og forlagsbransje: Kven har mest/minst ansvar for at læreremiddel framleis ikkje kjem til same tid på begge språk.

Det kan sjå ut som om stoda er litt betre enn i fjor. Fleire av dei faga som manglar lærebøker på nynorsk er små fag, med få elevar. Forlaga nektar å laga nynorskversjonar av di dei tapar pengar, hevdar dei. Kvifor ikkje prøva ut noko nytt i desse faga: Lag språkdelte lærebøker med tilnærma lik prosent nynorsk og bokmål til desse faga. Slike bøker må sjølvsgatt ha god språk og høg faglitterær verdi, men dei treng ikkje liggja føre på både bokmål og nynorsk.

Norske elevar skal læra to norske språkformer. Motivasjonen frå dei elevane som møter nynorsk berre som "terpefag" i gramatikktime er ikkje overveldande. Kvifor ikkje la desse elevane møta språkforma nynorsk også i andre fag - la dei møta nynorsk som fagspråk?

Ja, eg ser motargumentet: Nynorskelevane vil få mindre litteratur på sitt eige språk, og dei får lite språkstimulans frå før. Men dette kan snuast på hovudet: Bøkene kjem - til same tid og same pris. Nynorskelevane slepp å velja bokmålsbøker, slik dei gjer i dag. Dessutan kan det vera betre med færre læreboksider av høg kvalitet enn bøker omsette frå bokmål til elendig nynorsk som elevane ofte tek avstand frå. Og det kan også motverka språkskifte: Ved at nynorskelevane får oppleva at språket deira er eit like fullgodt bruksspråk som bokmål, kan viljen til å halda fast ved morsmålet bli styrkt.



Vidar Høviskeland er dagleg leiar i LNK

Set fokus på biblioteka

LNK har no starta arbeidet med å styrke nynorsk litteratur på folkebiblioteka.

JUDITH SØRHHUS LITLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

- LNK vil bidra til å forsterka bruken av nynorsk ved å stilla seg i bresjen for ei positiv markering av nynorsk litteratur. Ein levande litteratur er den beste garantien for at eit språk kan gjera seg gjeldande, og nynorsk samtidslitteratur viser både ei bredde og ei nyskaping som gir grunn til optimisme. I dagens mediemylder er det likevel nødvendig med ein ekstra innsats for å gjera denne litteraturen kjend, også i våre medlemskommunar, heiter det i saksutgreiinga frå LNK.

Meininga er at dette prosjektet skal gå over seks år og ha som mål å fremja nynorsk litteratur for alle aldersgrupper. Dermed ynskjer ein å gjera folkebiblioteket til den sentrale aktøren i prosjektet.

Prosjektet er planlagt i to fasar: i fyrste omgang er det planlagt eit pilotprosjekt i desse seks nynorskkommunane i Nordhordland: Austrheim, Lindås, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy. Deretter ynskjer ein å utvide arbeidet til eit uval både nynorsk – og bokmålkommunar over heile landet.

- Frå bibliotekhald blir det for tida generelt meldt om at den norske litteraturen kjem i bakleksa blant lånarane – både barn, unge og vaksne. Dette er ein tendens som og er merkbar i norske kommunar, heiter det vidare. Tiltak som vert nemnde i prosjektskilddringa er til dømes: etterutdanning av personalet, utarbeiding av plan for profilering av nynorsk litteratur, auke den norske bokstammen og forfattarbesøk.

LNK vil no søkje ABM – utvikling om midlar til prosjektet.

Søker nynorsk pilotkommune

Bergen kommune har gode erfaringar med å innføre papirlaust byråd. No etterlyser Microsoft ein nynorsk pilotkommune.


JUDITH SØRHHUS LITLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

I september var det slutt på endelaus papirhaugar for politikarane i Bergen kommune. Kommunen er nemleg den første som innfører papirlaus behandling av politiske saker. Politikarane har sin eigen datamaskin med program som er utvikla av Microsoft og Software Innovation, med maskinen er det også ein elektronisk penn og ein aktiv skjerm som fører til at politikarane kan skrive i margen og streke under i dokumenta.

MANGE FORDELAR

- Nøkkelen er at dette er nært opp til korleis me arbeide på papir. Me får dei same saksdokumenta og med vedlegg som me er vant til, seier finansbyrå i Bergen kommune, Christine Meyer og legg vekt på at det er fleire positive sider med programvara.

- Det er fleire ting, kommunen sparer for det første pengar, sidan dei trykker opp mindre papir. Kommunen er ingen småbrukar av papir akkurat,



Microsoft lanserer no eit nynorsk verktøy for digital saksbehandling (Illustrasjonfoto: Judith Sørhus Littlehamar)

seier Meyer og viser også til mindre kopikostnader og at det er lettere å orientere seg digitalt som goder ved endringa.

I følge Meyer gjekk innføringa av den digitale saksbehandlinga overraskande lett sjølv om alle slike endringar tek tid.

I følge nettstedene dugi.no sparer Bergen kommune på dette 515.000 papirark og 350.000 kroner i året.

NYNORSK VERKTØY

No startar arbeidet med å finne ein nynorsk pilotkommune til prosjektet.

Noreg.no

Kvalitetsvurdering nå også på nynorsk

Noreg.no skal vere ein nynorsk vegvisar blant offentlege instansar. Kvalitetsvurdering av offentlege nettstadar vart lenge berre presentert på bokmål, det vert det ei endring på no.

JUDITH SØRHHUS LITLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

Den digitale nettporten Noreg.no skal gi informasjon om det offentlege, på nynorsk. Og innhaldet på sida er stort sett på nynorsk, men kvalitetsvurdering av offentlege nettstadar vart lenge utelukkande presentert på bokmål. No finn du den også på nynorsk.

- Eg har ikkje noko betre svar på dette enn at me ikkje har hatt ressursar til å omsetje alt til både nynorsk og bokmål, seier rådgjevar kommunikasjon i Direktoratet for forvaltning og IKT, Trude Risnes og viser til at det har

vere ein hektisk prosjektperiode der det kan skje ein glipp i arbeidet.

- Dersom nynorskkommunane har fått tilsendt dette på bokmål beklagar eg, det er ikkje ein standard frå vår side. Me prøver å ivareta at ein har kommunar med både bokmål og nynorsk som administrasjonsspråk, seier ho til LNK-avisa. - Kva vil de gjere no?

- All den tid me har ein redaksjon som har kompetanse på både bokmål og nynorsk må me sjå på dette. Men me er klare på at me på grunn av lite ressursar ikkje klarer å gi eit fullstendig nynorstilbod på nettsida, seier Risnes.

Dagen etter kjem følgande e-post frå Risnes:

"Sida Kvalitet var ved ein glipp ikkje tilgjengeleg på nynorsk. Denne er no lagt ut også på nynorsk. Då desse sidene nyleg er omarbeidde, er det fleire undersider her som enno ikkje er på nynorsk. Undersida som omhandlar programmet for kvalitetskonferansen 2008 er publisert i bokmålsversjon i dag, den norske versjonen er på plass innan nokre da-

gar. Etterkvart vil dei fleste sidene bli publiserte også på nynorsk. Når det gjeld utsending av generell informasjon, vil denne av og til gå ut i nynorsk versjon, andre gonger i bokmål versjon. Vi har til no oppfatta dette som praksis i tråd med mållova, jmf. paragraf 8. Direktoratet for forvaltning og IKT er opptekne av at brukarane av tenestene våre skal ha eit godt tilbod, også med omsyn til språk. Og vi er glade for tilbakemeldingar som kan gjere oss betre, slik tilfellet var i dag." Direktoratet for forvaltning og IKT (DIFI) arbeidar med å auke kvaliteten på kommunale og statlege nettstadar. Ein sentral del av dette arbeidet er den årlege kvalitetsvurderinga av om lag 700 statlege og kommunale nettsider.

- Me har ikkje gått aktivt ut for å rekruttere ein nynorskkommune, men me møter gjerne interesserte kommunar for å diskutere dette, seier Jon Store i Microsoft.

- Verktøyet som vert brukt er nå tilgjengeleg på nynorsk, nå gjeld det å få politikarane engasjerte og få dei mindre systemleverandørane til å kome på banen, held Slorer fram.

Fleire aktørar vil no gå i dialog for å finne fram til den første papirlause nynorskkommunen.

Dialektprisen til Linda Eide

Journalist og programleiar Linda Eide frå Voss fekk Dialektprisen 2008.

- Eide er eit førebilete for ungdom. Ho held på nynorsken og dialekten på ein flott måte, og er i alt ho gjer eit menneske med høg integritet - ho vågar å vere seg sjølv. Dialektane i Noreg er under press, og det er godt å ha folk som Linda Eide som står mot presset, seier leiar Jens Kihl i ei pressemelding frå NMU.

- For meg er det viktig å snakke dialekt når eg ytrar meg, slo Linda Eide fast.

Linda Eide mottok Dialektprisen på Mangfaldsseminaret til Norsk Målungdom i Bergen. På same seminar sparka målungdomen i gong ein nasjonal dialektkampanje der målet er å få fleire unge til å halde på dialekten deira.

Dialektprisen har blitt delt ut sidan 2001, og har mellom anna gått til Are og Odin, Ravi og Hopalong Knut. I fjor gjekk han til skodespelelar Ingrid Bolsø Berdal.

ABC
Startsida
- Ver nynorsk på nett

Din
naturlege
start på
internett

startsida.no

Oppvekst

- Nynorskbarne må møte sitt eige språk



Han meiner ein historisk har sett barnehagen som eit urbant tilbod med sin rikskultur og massekultur. Og at ein difor ikkje såg barnehagane som noko tema i målrørsla før langt inn i 1990-åra. Grepstad etterlyser bevisste barnehagar som formidlar nynorsk språk og litteratur. I talen framhevar han Liadal barnehage i Ørsta der ein har laga sin eigen språkbank, Stabursbanken.

OMSYN TIL SPRÅKET

I talen viste han også til kartlegginga Monica Eide har gjort for å finne ut

Ottar Grepstad la i i sin årstale om tilstanden for nynorsk skriftkultur vekt på det ansvarbar barnehagane har for å ta vare på nynorskbarne. (Arkivfoto)

korleis det sto til med høgtlesingsvanane i tre Oslo - barnehagar. I alle barnehagane vart boka lesen på nynorsk, likevel er tendensen at nynorskbarne ofte vert omsett til bokmål ved høgtlesing. Kartlegginga viste også at dei tre barnehagane hadde i alt om lag 120 bøker, åtte av desse var på nynorsk.

- Di meir språkmeistring barnehagane skal stimulere, same kor instrumentell eller ikkje den er, må nynorskbarne møte sitt eige språk alt i barnehagen. Truleg vil det meste av det som gjer ein barnehage til ein kulturbarnehage, verke positivt for nynorskbarne, meiner Grepstad og legg vidare vekt på at barnehagen, ikkje berre skulen, må ta omsyn til den språklege bakgrunnen til barna og kva språk dei meistar.

- for deg som meiner noko

MAGASINETT

Eit stimulerande nettmagasin for elevar på ungdomstrinnet og i den vidaregåande skolen – på nynorsk!

www.magasinett.no

Nett det du treng på nettet?

NO OG MED EIGA
HANDBOK
FOR LÆRAREN!

- Barn med nynorskbarnegrunn finn lite av sitt i massemedia, er for lite integrerte i kvardagen i barnehagane, og er knapt nemnde i barne- og barndomsforskninga, uttalte Ottar Grepstad i årstalen om tilstanden for nynorsk skriftkultur.

JUDITH SØRHHUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

- Desse barna kjem heller ikkje til syne i utdanninga av dei som skal vere førskulelærarar dei neste tretti åra. Det blir ikkje mykje slitersterke haldningar av slikt, seier Grepstad. Årstalen 2008 tok for seg språket i barnehagane; høgtlesinga, skriftinga,

songen og det språklege mangfaldet i barnet sine første leveår.

Ottar Grepstad legg i talen vekt på at barn med nynorskbarnegrunn må bli sett på sine egne premiss. Han meiner det er viktig at foreldra til barn med nynorskbarnegrunn skal vite at barna deira ikkje får den språklege og kulturelle støtta frå samfunnet som dei fortener i kvardagen.

SPRÅKBANK I ØRSTA

- Etter tre tiår med offentlig barnehagepolitikk går nesten heile årskulla av barn i barnehage. I 2007 fanst det barnehageplassar for 250.000 barn, det vil seie 84 prosent av alle barn under skulepliktig alder, seier Grepstad og viser til ein statistikk som fortel at Sogn og Fjordane, Sør - Trøndelag og Troms ligg høgast når det gjeld prosentdel barn i barnehage.

Oppvekst

Strevar med nynorskkravet



Illustrasjonsfoto: Flickr

Programredaktør i NRK Super vedgår at kanalen har ei utfordring med å nå kravet om 25 prosent nynorsk.

ASTRID EIDHAMMER HJELMELAND
astrid@norsk-plan.no

Det er ingen løyndom at vi har ein lang vei å gå før vi når prosentmålet, seier programredaktør i NRK Super, Vibeke Først Haugen. Ho viser og til at målet er 25 prosent i 2009.

BOKMÅLSOPPLERING

I det amerikanske barneprogrammet "Dora", som blir sendt på Barne-TV er språket dubba til bokmål. I tillegg skal borna læra engelske ord. Programmet legg opp til at borna skal vera aktive sjåarar og hjelpe "Dora" fram i programmet. Når det gjeld innøving av engelske ord stiller borna likt. Verre er det når nynorskbrukande born i førskulealder i programmet blir oppmoda til å delta og repetera ord som "ryggsekk" og "kart" på klingande bokmål opp til fleire gonger per program for å henta desse karakterane fram.

Ifølgje programredaktøren er bokmålsdominansen i kanalen eit kjent problem. Haugen kan også bekrefte dei høge tala på innkjøpte utlandsk program til NRK Super. Ifølgje Haugen var 75 prosent av innhaldet på barnekanalen NRK Super ved oppstart innkjøpt stoff som skulle dubbast. Ho legg vekt på at ein i denne fasen hadde store vanskar med å få tak i kvalifiserte folk til å dubba, då særskilt på nynorsk.

SKJØNAR ALVORET

Vi har fått førebelse tal frå NRK som stadfestar den mistanken me har hatt lenge om at det står dårlig til i NRK Super, seier styreleiar i Kringkastingsringen Håvard B. Øvregård. Dialogen med NRK er i dag god, og det er det viktigaste no, held han fram.

Øvregård er trygg på at NRK er bevisst på målbruken og at fjernsynskanalen gjer dei tiltaka som krevs i nær framtid, då det er eksplisitt uttalt frå politisk hald, både frå Krf, Venstre, og

regjeringspartia at satsing på barn- og unge er viktig.

- Utover vinteren vil ein nok merka ei endring i språkbruken i barnefjernsyn i NRK, seier ein optimistisk Øvregård.

For Kringkastingsringen er det viktig at NRK skal dekkja andelen av nynorsk innan kvart av dei ulike programsegmenta i kanalen, men han understrekar at barne- og ungdomsavdelinga er det viktigaste.

EIT ABSOLUTT KRAV

Vidare understrekar Øvregård at 25 prosent ikkje er eit ynskjemål, men

at det er eit absolutt krav. Dette vart understreka i Stortinget si handsaming av NRK plakaten i vår, i allmenkringkastingsrapporten, i språkmeldinga og sist vist til i statsbudsjettet, held han fram.

- Det er godt å sjå at NRK tek innover seg alvoret i stoda, seier Øvregård og ifølgje styreleiar merkar Kringkastingsringen ei veldig positiv innstilling i NRK no.

- Det virkar som at NRK ser på dette som ei viktig satsing, avsluttar han.

AUKA INTERESSE

I dialog med Kringkastingsringen har programredaktøren i NRK Super fått gode innspel når det gjeld dubbing på nynorsk, og ho ser også med optimisme på at fleire produksjonsselskap i distrikta ynskjer å satsa på å produsera barneprogram.

- Dette vil gjera at ein får ei større breidde i språket enn ein har i dag, seier Haugen. I tillegg til språklyd er det svært mange omsyn å ta for programkanalen som vender seg mot barn og unge, og som har Disney konsernet som hovudkonkurrent.

I tillegg til språklyd er mangfald i alle sine former i fokus, understrekar Haugen, og ho ramsar opp mellom

anna kulturelt mangfald, etnisitet og det å vera annleis.

KVALITET

Produksjon av barneprogram har ikkje hatt høg status blant produsentar, ofte grunna mangel på reklamekroner. Hauge fortel at NRK aktivt leitar etter gode barneprogram og at dei ikkje godtek kva som helst. Kvaliteten på barneprogram er det viktigaste for programredaktøren.

- Produksjonsselskap som kjem til oss med barneprogram må syne og prove at dei ynskjer å satsa på kvalitet, understrekar ho.

I tillegg til mindre produksjonsselskap i distrikta har NRK sitt distriktskontor i Troms og Finnmark, ifølgje Haugen, opparbeida seg ein stor fagleg kompetanse på program for barn. I tillegg leverer NRK Sogn og Fjordane i dag programmet "Her er eg", som er eit nynorsk barne-tv til NRK Super.

- Det er supert for oss at det blir ein auke i norskproduserte kvalitetsprogram for born i Noreg, avsluttar ho.

Merknad frå redaksjonen:

Dette er den rette versjonen av denne saka. I den trykte utgåva av LNK-avisa nr 5 2008 er diverre feil versjon komen inn.

Revurderer høgtidsplakat

Cappelen meinte plakaten "Religjose høytider" var reklamemateriell og lanserte den difor berre på bokmål. Det vert det ei endring på no.

JUDITH SØRHHUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

Plakaten som ligg ute på nettsidene til Cappelen grunnskole gir ei omfattande oversikt over viktige religiøse høgtider og heilagdagane innan jødedom, kristendom, islam, hinduisme, buddhisme og sikhisme. Plakaten er meint som ein del av faget RLE - religion, livssyn og etikk. Men plakaten har til denne tid berre eksistert på

Religjose høytider JANUAR 2008 - 2009		
AUGUST 2008	SEPTEMBER 2008	OCTOBER 2008
1. august: ...	1. september: ...	1. oktober: ...
2. august: ...	2. september: ...	2. oktober: ...
3. august: ...	3. september: ...	3. oktober: ...
4. august: ...	4. september: ...	4. oktober: ...
5. august: ...	5. september: ...	5. oktober: ...
6. august: ...	6. september: ...	6. oktober: ...
7. august: ...	7. september: ...	7. oktober: ...
8. august: ...	8. september: ...	8. oktober: ...
9. august: ...	9. september: ...	9. oktober: ...
10. august: ...	10. september: ...	10. oktober: ...
11. august: ...	11. september: ...	11. oktober: ...
12. august: ...	12. september: ...	12. oktober: ...
13. august: ...	13. september: ...	13. oktober: ...
14. august: ...	14. september: ...	14. oktober: ...
15. august: ...	15. september: ...	15. oktober: ...
16. august: ...	16. september: ...	16. oktober: ...
17. august: ...	17. september: ...	17. oktober: ...
18. august: ...	18. september: ...	18. oktober: ...
19. august: ...	19. september: ...	19. oktober: ...
20. august: ...	20. september: ...	20. oktober: ...
21. august: ...	21. september: ...	21. oktober: ...
22. august: ...	22. september: ...	22. oktober: ...
23. august: ...	23. september: ...	23. oktober: ...
24. august: ...	24. september: ...	24. oktober: ...
25. august: ...	25. september: ...	25. oktober: ...
26. august: ...	26. september: ...	26. oktober: ...
27. august: ...	27. september: ...	27. oktober: ...
28. august: ...	28. september: ...	28. oktober: ...
29. august: ...	29. september: ...	29. oktober: ...
30. august: ...	30. september: ...	30. oktober: ...
31. august: ...	1. oktober: ...	2. oktober: ...

bokmål, grunnen er at forlaget meiner plakaten er reklamemateriell.

- Plakaten er reklamemateriell og ikkje noko me tek betalt for. Den er blitt godt motteken, seier Ane

ABC
Startsida®
- Ver nynorsk på nett

Din naturlege start
på internett
www.startsida.no

Oppvekst

Kan styre elev-pc-ar

Med metodar til og med Datatilsynet kan godta er det muleg for skulen å hindre elevane i å bruke Nettby, Facebook og andre tidstjuvar i timane.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

- Vi kan administrere det trådlause nettverket på skulen frå rom til rom og på den måten styre kven som skal ha tilgang på kva på Internett. Vi kan til dømes blokkere einskilde nettsider på som vi ikkje ønskjer at elevane skal besøke, fortel systemansvarleg ved Sauda vidaregåande skule, Michael Willig.

Dette føregår utan at skulen grip inn i den enkelte elev sin pc, men derimot ved styring gjennom skulens eigen proxy-server. Det kan dermed ikkje karakteriserast som overvaking, meiner Willig.

ULOVLEG Å OVERVAKE

Til no har fleire programvareutviklarar vore på bana med programvare som kan installerast på pc-ane til elevane som gjer at lærarane kan kontrollere og overvake kva elevane gjer på pc-en sin. Sidan denne programvara går direkte inn i den enkelte elv sin pc, meiner Datatilsynet slik overvaking er ulovleg.

- Men vår metode kontrollerer ikkje pc-en til elevane, vi styrer berre nettverket, forklarar Willig. - Det er ein vesentleg skilnad. Vår metode er heilt lovleg.

VANSKELEG Å STYRE

Førebels kan ikkje Sauda vidaregåande styre nettbruken på andre pc-ar enn dei skulen har til utlån til sine elevar. På Lundehaugen vidaregåande skule i Sandnes har dei derimot operert med denne metoden på alle pc-ar ei stund.

- Det fungerer greitt nok, men gir rom for få differensieringsmulegheit, seier systemansvarleg Fredd G. Rundevoild på Lundehaugen.

- Ulempa er at det krev mykje administrasjon viss det skal funke. Det blir veldig omstendeleg viss ein skal stenge for nokre nettsider i somme timar hjå somme lærarar.

BLIR FREISTA

Ei undersøking gjort av Nordland fylkeskommune syner at eit stor



Elevane sin pc-bruk skapar hovudbry for lærarane. (Foto: Toyni Tobekk)

fleirtal av lærarane meiner elevane brukar pc-ane til utanomfaglege ting mange gonger til dagen, og lærarane opplever dette som eit problem for undervisninga. Det finst i dag ingen nasjonale retningslinjer for kontroll av elevane sine pc-ar i skuletida, det er opp til kvar enkelt skule korleis dei vil handtere pc-bruken.

Elevane kjenner sjølve på at det er fort gjort å slå i hel dauidtid med nettviser og nettsamfunn.

Det hadde kanskje vore greiare viss skulen stengte tilgangen til MSN og Facebook, seier 2. klassingane Hilde Moseng, Vanja Ignjatic og Rebekka Moe i Sauda.

- Det er lett å la seg freiste til å logge seg på MSN, og mange av dei eldre lærarane kjenner så lite til korleis dei kan avsløre oss at vi vågar ta sjansen.

Samstundes meiner jentene at korleis dei nyttar skuletimane er eit val dei tar sjølve.

- Berbare elevmaskinar er i utgangspunktet eit gode. Det finst bare så alt for mange freistingar på Internett, og det bør vi kunne greie å gjere noko med, slår systemansvarleg Willig fast.

Nynorsk for utlendingar

Suldal mållag har utarbeidd ei brosjyre som i korte trekk fortel korleis det har seg at vi har to målformer her i landet. Brosjyra startar med å fortelje om den norsk-danske unionen og avsluttar med å forklare at dei fleste

skandinavar forstår dei skandinaviske språka - og at alle nordmenn forstår både nynorsk og bokmål. Brosjyra finst på tysk og engelsk og vil vere tilgjengeleg på plasser kor turistar og andre framandspråklege ferdast.nosis

Snur i språksak

Rektor Gunn O. Berg ved Lalm oppvekstsenter i Vågå har lenge kjempa for å få lesebøkene Simalabim på nynorsk. I slutten av november ser ho resultat av arbeidet.

JUDITH SØRHHUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

Simalabim består av både store og små lesebøker og skal hjelpe småskulebarn til å lese meir og betre. Rektor Gunn O. Berg legg vekt på at ho meiner lesebøkene til Cappelen er dei beste på marknaden, no ser ho fram til at dei også vert å finne på nynorsk.

- BØR HA LIK TILGANG

Dei nynorske tekstane ligg tilgjengelege på nettet, men til denne tid har bokversjonane vore på bokmål. I slutten av november vert det ei endring på det også.

- Simalabim vart ikkje trykt på nynorsk i utgangspunktet fordi me generelt sett var usikre på salspotensialet. Veiledda lesing var eit heilt nytt område for oss. Simalabim sine mange hefte og boksar gir høge produksjonskostnader samanlikna med andre bøker. Me måtte gjere oss nokre erfaringar med mottakinga av bokmålsversjonane før me våga å omsetje til nynorsk, seier Ane Ramm i Cappelen grunnskole som viser til

at det ikkje finst noko krav frå departementet om parallellutgåver for læremidler på nynorsk.

Rektor Gunn O. Berg er uansett glad for at lesebøkene endeleg skal lanserast på nynorsk.

- Ein bør ha lik tilgang til læremiddel, uansett målform, meiner Berg som ved fleire høve har etterlyst Simalabim på nynorsk, ikkje minst sidan dei ved Lalm oppvekstsenter vurderte bøkene til å vere det best kvalifiserte opplegget. Sjølv meiner Berg at nynorske tekstar på nettet ikkje har vore eit tilstrekkeleg tilbod.

NYNORSK I NOVEMBER

- Me meiner heller ikkje at tekstar på nettet er eit likeverdig tilbod samanlikna med dei trykte utgåvene av Simalabim. Me la ut tekstane på oppfordring frå ein nynorskskule, seier Ane Ramm.

Ho er framleis usikker på om tilstrekkeleg mange nynorskskular vil kjøpe inn Simalabim, men meiner at salet av bokmålsutgåvene viser at forlaget tek ein mindre risiko enn dei ville gjort for nokre år sidan.

- Eg minner om at det ikkje vert gitt støtte til denne nynorsksetjinga. Spørsmål om nynorsk omsetjing har elles vore oppe til drøfting i redaksjonen kvar år sidan bokmålsutgåva kom. Nynorskutgåva vil føreligge i slutten av november, fortel ho.

Etterlyser øymerkte midlar

Noregs Mållag reagerer på at det i statsbudsjettet ikkje er sett av pengar til å sikre nynorskelevane lærebøker.

JUDITH SØRHHUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

- Nynorskelevane i vidaregåande skule er den nynorske framtida. Dersom dei skal kunna bli trygge språkbrukarar, må dei få lesebøkene på sitt eige språk - dei møter svært lite nynorsk elles i samfunnet. Utan lærebøker på nynorsk blir dei pressa over til bokmål, seier Hege Myklebust, leiar i Noregs Mållag i ei pressemelding. - Vi har brukt heile hausten til å kartlegge og dokumentere mangelen på nynorske læremiddel i skulen, og Utdanningsdirektoratet har òg dokumentert dette i eigen rapport. Mange lærebøker kjem ikkje ut på nynorsk i

Gamle og unge er i strid. Men det må så vera. Var det ikkje det, fann ikkje dei unge på anna enn det dei gamle alt hadde gjennomført, og så sovna livet.

- Arne Garborg

NASJONALT GARBORGSSENTER

Eit formidlingscenter for framtida

Målgruppe: Unge menneske

Senteret skal inspirera til samfunnsengasjement, til å lesa, til å skapa og formidla kunnskap basert på dei nasjonale og internasjonale visjonane til Hulda og Arne Garborg.

Nasjonalt Garborgsenter er ein del av Jærmuseet, eit regionalt vitensenter for Sørvestlandet.

Stettespalarar: Bryne Kro & Hotell, Forum Jæren, IKM Gruppen, Jæren Hotell, DNF Sig Halvorsen

Opning: 2011



garborg.no

JÆRMUSEET

Bøker på plass i tide



Nynorsk- og bokmålslevar går i same klasse på tekniske og industrielle produksjonsfag på Knarvik vidaregåande skule. I år fekk alle elevane tak i bøkene dei trengte til skulestart, fortel Martin Solbakken (f.v.), Jannicke Næss, Jørgen Bauge og Andreas Lavik. (Foto: Ingrid Hillestad)

kje lesing, sjølv om dei har valt ei meir praktisk studieretning. Kva dei vil velje vidare, er dei ikkje sikre på enno, men eit eller anna mekanisk høyrtest det ut for at det blir på dei alle.

STOLT STRIL

Om det at nynorskboekene ofte kjem for seint, kan føre til at fleire går over til bokmål, har ikkje elevane på teknisk og industriell produksjon gjort seg klare tankar om. Det generelle inntrykket deira er likevel at bokmål får stadig større plass.

- Vi merkar at fleire går over til bokmål, seier Jørgen.

Dette stemmer også med lærar Hopsdal sitt inntrykk. Han gjer samstundes sitt for å få elevar til halde på nynorsk språk og dialekt.

- Eg blir forbausa når elevar som opphavleg snakkar dialekt og skriv

nynorsk går over til bokmål, kommenterer læraren, som meiner elevane sviktar noko av identiteten sin då.

Dei fire elevane innrømmer samstundes at påverknaden går litt begge vegar. Det er ikkje berre "toskjen" som er nytt i Åsane-guten Andreas sitt ordføraråd. "Mangerstril" er eit anna uttrykk han har lært seg etter at han byrja på skulen i Knarvik denne hausten.

- Manger er verdas navle. Der har vi alt, kommenterer Jørgen, ein nøgd mangerstril.

I år kunne elevane ved Knarvik vidaregåande skule kjøpe alle bøkene til skulestart. Det er likevel ikkje uvanleg at dei må gå og vente på at dei nynorske skulebøkene skal komme på plass i butikkyllene.

INGRID HILLESTAD
ingridhillestad@hotmail.com

Den vidaregåande skulen i Nordhordland ligg i eit grenseområde mellom nynorsk- og bokmålland. Aukande tilflytting frå byområde gjer at ein del elevar nyttar bokmål, sjølv om skulen har nynorsk profil og administrasjon. Dette byr ikkje på spesielle problem for undervisinga, forsikrar Øyvind Hopsdal, kontaktlærar for første skuleår med teknisk og industriell produksjon.

VANLEG Å VENTE

At dei nynorske elevane har blitt gåande og vente på skulebøkene, har læraren likevel opplevd fleire gonger. Men i år låg altså bøkene klare hos bokhandlaren då skulen starta.

- Eg fekk tak i alle bøkene på nynorsk, seier Jannicke Næss (16), den eine av to jenter i klassen.

Jannicke føyer til at eit minus med dei nynorske lærebøkene i teknisk og industriell produksjon, er at ho opplever mange vanskelege ord i dei. Ho kjem ikkje på nokre døme i farten.

LÆRER DIALEKTORD

Også Jørgen Bauge (17) kjøper skulebøker på nynorsk. Han har ennå ikkje fått tak i alle bøkene, men innrømmer at dette skuldast eigen latskap. Martin Solbakken (16) og Andreas Lavik (16) kjem frå andre sida av Nordhordlandsbrua og er difor vande med å lese og skrive bokmål.

- Eg måtte til byen for å kjøpe skulebøker, sidan eg ikkje fekk tak i dei i bokhandelen her. Her hadde dei berre nynorsk-bøker, kommenterer Andreas.

Han kjem frå Åsane i Bergen og seier at han ikkje har vore vand med nynorsk tidlegare.

- Eg forstår ikkje "toskjen", seier han med eit lurt smil, og avslører at han allereie har snappa opp dialektord.

URETTFERDIG MED SEINE BØKER

Martin, som også er oppvaksten i Åsane, men litt nærmare Nordhordlandsbrua, har ikkje same problem med det nynorske språket.

- Eg forstår nynorsk, men har problem med å skrive det. Begge foreldra mine bruker nynorsk, forklarar han.

- Kva synst de om at dei nynorske skulebøkene ofte kjem seinare enn bokmålsbøkene?

- Det er heilt på trynet at nynorsk-bøkene kjem seinare, meiner Martin.

- Det går jo utover oss når bøkene ikkje kjem. Vi får dårlegare ordenskarakter. Det er iallfall dårleg gjort av butikane å reklamere med at dei har bøkene, viss dei ikkje har dei, held Andreas fram.

Dei fire klassevenene fortel at dei har så mykje som 27 timar teori i veka, mot 12 timar verkstad. Så det blir my-



Kommunekreditt har vore støttespelar for Opera Nordfjord i ti år.

Det er mange mål....

Nokon er lette å nå - andre vanskelege.

Ny skule, betre vassforsyning eller kanskje eit nytt operahus.

Kommunekreditt gjer sitt for at midlane skal strekke litt lenger når dei folkevalde skal prioritera sine investeringar.

KOMMUNE
KREDITT

NORGE

Beddingen 8, 7410 Trondheim

(Avdelingskontor Oslo: Dronnings Maudsgt. 15, 0250 Oslo)

Telefon: 73 80 95 80, Faks: 73 80 95 81

e-post: post@kommunekreditt.no www.kommunekreditt.no

mark gjeve m / gjeke

Nynorske

litteraturdagar 08

Aurland

30. oktober - 2. november

Bokslepp

NL-quiz

Bokkafé

Krimbar

Vestlandsrevyen på tur

Bill and the Kid

Sylfest Lomheim

Rune Timberlid

Frøde Aga

Hauge - Tveitt



Arthur Arntzen



Liv Bernhöft Osa



Sigrid Moldestad



Jon Hjørnevik

nynorskellitteraturdagar.no

Språkråd



Jan Olav Fretland
- førsteamanuensis i norsk -
medlem av Norsk språkråd

Er "gjevildskap" god nynorsk?

Eg har hamna i diskusjon med eit stort forlag og ein av nynorskomsjetjarane deira siste vekene. Som så ofte før er det ordvalet i nynorsk som skaper bølger i målverda. Rabalderet tok til med at ein NRK-medarbeidar ringde til meg og siterte ein religionslærar på ein vidaregåande skule i Nordfjord som var sint på språket i ei ny lærebok frå Cappelen Damm. Ho meinte språket var alt for gammaldags og nemnde ord som heilsleg, gjevildskap, omhugsam. Slike ord gjorde at elevane lo av nynorsken, meinte ho.

Eg måtte seia meg heilt einig med læraren. Språkvitar Fretland hevda at for mykje bruk av slike alderdommelege ord kunne gje næring til synspunkt om nynorsk som eit slags fjøslatin, der orda elevane sjølve brukar, ikkje er gode nok. Eg sa også at dersom ein brukar mange slike ord for ungdommane i nynorskdistrikt, kan det vera ein av grunnane til at dei går over til bokmål. Dette vart mellom anna sendt på Her og nå i NRK.

Mange har kontakta meg og tykt dette var rett. Dei eg har snakka med, meiner me må passa oss for å gjera nynorskorda for spesielle og uvanlege. Så får ein kjøft, også, sjølv sagt, når slike synsmåtar blir kringkastinga på Her og nå. Ein blogggar meinte eg har ein slags diagnose: redsle for det ukjende i språket.

Kjefen får ein ta. Men eg står på mitt. Dei mange «rare» orda i nynorsk har vore og er ein kritikk som går att. Sjølv sagt har dette fyrst og fremst med at det er bokmålsorda me høyrer og les, og at vanlege nynorskord då blir meir uvanlege. Men det er denne verda me lever i, og lærebøker for vidaregåande skule er ikkje staden for å dra fram att ord som er nesten utdøydd i dagens nynorsk. Det er viktig å skilja mellom ulike bruksområde. Eg har arbeidd mykje med Olav H. Hauge i dei siste. Når han brukar omhugsam i eit dikt, kjennest det rett og fint ut. Når eg underviser i lærarutdanninga, fortel eg studentane at dei kan skriva anbefala på nynorsk, men at det meste talar for å skriva tilrå eller rå til.

Slik lever me på åsryggen mellom den «rare» nynorsken og den bokmålsmerkte nynorsken. Det er ikkje så lett å vera i språkleg mindretal. Men me har det beste språket, det er det viktigaste. Og at me får lærebøkene på det språket til same tid og same pris.

Problem når bøkene er nye

- Eg har ikkje opplevd at det har vore spesielle problem med å få tak i dei nynorske bøkene i år, seier Inger Furnes, bokansvarleg hos Nordhordland Libris.

Ho forklarar at problemet med at nynorske skulebøker kjem for seint, dukkar opp når bøkene er heilt nye.

- Då argumenterer forlaga med at det er flest som skal ha bokmål. Difor må dei trykke desse bøkene først, forklarar bokhandlaren.

Ho føyer samstundes til at det no berre er dei yngste elevane på vidaregåande skule som kjøper bøker hos dei. Andre og tredje klasse har sidan i fjor fått gratis bøker.

- For to år sidan var det krise. Då kom det mange nye bøker, held Furnes fram.

Hennar inntrykk er at dei sel stadig fleire bøker på bokmål. Difor kan butikken bli utseld for desse før alle bokmålslevar har fått bøkene sine, medan nynorsk-bøker ligg igjen.

- Det verkar som det er ein del uttrykk i nynorskboekene, spesielt dei yrkesfaglege, som elevane opplever som vanskelege, sluttar Furnes.

Verda

omsett til nynorsk

- For omsetjingar, det er jo verda det

I 1960-åra flytta ei lærarinne frå Australia til vesle Sande i Sunnfjord. Ho endra livet til festspeldiktar Tove Bakke.

TEKST OG FOTO: INGVILD GRANE
ingvild.grane@gmail.com

- Verda kom til Sande då ho blei læraren min. Ho var den einaste eg hadde møtt som hadde studert. Det var altså så...

Tove Bakke tek ei pause, leitar etter ord. Sukkar.

- Ufatteleg. Ho var streng og krevjande som lærar, men ho har betydd enormt mykje for kva eg har blitt her i livet.

Og Tove Bakke har blitt ein heil del i livet. Nyleg kom pressemeldinga som fortalte at ho i juni neste år skal vere festspeldiktar for Dei Nynorske Festspela, som den første omsetjaren nokon sinne. Tidlegare i år fekk ho Samlagetprisen, og i juryens grunning heiter det at omsetjar- og gjendiktarvirket hennar gjer litteraturen vår rikare. Ho har fått Bastianprisen. Og det er Bakke som har omsett Anna Gavalda's "Saman er ein mindre aleine" til nynorsk. Med over 60 000 selde eksemplar, er det den mest selde romanen på nynorsk nokon sinne. Mykje takka vere eit godt språkarbeid av omsetjaren, ifølgje forlaget.

- Kva var det eg skulle hente? Kopp? Kopp, var det.

Omsetjaren i den mørk lilla kjolen og dei plommerade strømpebuksene vender om halvvegs mellom kjøkenet og stova, og kjem tilbake frå kjøkkenkroken med ein blåmønstra kopp i handa. Berre nokre få meter utanfor kjøkkenvindaug det dundrar t-bana til Sognsvann forbi, og fører med seg tjuve sekund med metall- og elektrisitetstøy i det elles så føremiddagsstille trevillastrøket på Nordberg nordvest i Oslo. Her har Bakke og forfattarekte mann Ragnar Hovland budd i ein stille hage dei siste fem åra. Med den blåmønstra koppen i handa, dumpar Bakke ned i ein godt brukt, svart skinnstol og skjenger grøn te frå Kina-turen ho nyleg kom heim frå.

Neste års festspeldiktar har reist rundt i heile verda. Men for 40 år sidan hadde den prisløna omsetjaren ikkje sett så mykje meir av verda enn Gudbrandsdalen og vegkrysset som utgjorde den vesle bygda Sande i Sunnfjord. Ho var eldst i ein søskenflokk på seks, besteforeldra budde på loftet, far jobba på trygdekortor i

Høyanger, og familien dreiv småbruk. Eller steinrøys, som Bakke omtalar det som.

- Sjølv om ingen rundt meg i oppveksten hadde utdanning, var dei kunnskapssjuka. Folk var brennande interessert i å høyre om verda, sjølv om tilreisande misjonærar gjerne var dei einaste som kunne fortelje, seier Bakke.

Ho slår ut med armane, slik at ho nesten skvulpar ut teen frå den blåmønstra koppen.

- Eg hadde ein slektning frå Gulen som var fødd i 1900. Det som stod i hovudet hans, var å lære alt, kunne alt, forstå alt. Hadde han hatt pengar, ville han reist og sett alt. Men han var fiskarbond, og hadde ikkje pengar. Likevel var det ein sjølvagt ting å ha viljen til å lære, seier ho.

Men det var lærarinna frå Australia som fekk den unge jenta frå Sande interessert i det som skulle stake ut levevegen hennar: språk. Lærarinna's sju engelsktalende ungar vekte interessa for engelsk, men vegen til alle språka Bakke i dag snakk, les og omsett frå, begynte med fransk på Universitetet i Oslo. Vidare studerte ho norsk ("Det skulle alle på den tida"), mistreivst, hoppa av og drog tilbake til Sande som lærarvikar i eit år ("Då fann eg ut at eg ikkje ville bli lærar"), begynte på spansk, fekk sine første omsetjingsjobbar ("Ei fransk sosiologibok"), flytta til København ("Eg fekk tilbod om ein hybel, og tenkte: kvifor ikkje?"), studerte litteratur, slo seg saman med ei venninne og begynte å skrive litteraturkritikk.

- Etter kvart oppdaga eg at eg i praksis hadde slutta å studere, og at eg hadde fått meg ein jobb.

Bakke ler. Ho tenkjer seg om, rettar litt på den olivengrøne brilleinnfatninga.

- Det verkar veldig tilfeldig alt eg har gjort. Eg har aldri hatt nokon plan for kva eg skal bli. Eg har aldri fått ein jobb eg har søkt på. Eg har aldri blitt kalla inn til jobbintervju. Men når eg har vald å gjere noko, så gjer eg det beste ut av det. Det er typisk for meg at eg strekkjer kunnskapane mine veldig langt. Eg har trass alt berre eit grunnfag i spansk, men eg har gjendikta ein nobelprisvinnar, seier ho.

Lista med bøker Bakke har omsett til nynorsk begynner å bli lang, og inneheld alt frå fagbøker til lyrikk og barnelitteratur. Den chilenske nobelprisvinnaren Gabriela Mistral er eit av hennar siste omsetjingsprosjekt. Programansvarleg for Dei Nynorske Festspela, Åshild Widerøe, seier Bakke har blitt vald til festspeldiktar fordi

omsetjingar er viktige for å etablere eit nynorsk litterært språk.

- Kva forhold får du til bøkene du omset?

- Det er veldig forskjellig. Då eg var ferdig med å omsetje Gavalda's "Saman er ein mindre aleine", hadde eg hatt dei fire personane i boka rundt meg i eit år. Det var trist å vere ferdig. Gavalda er flink til å skape personar, og etter eit år i deira selskap, følte eg at dei stod meg nær, seier festspeldiktaren.

- Eller Lorca, held ho fram.

- Frederico Garcia Lorca var ein homoseksuell forfatar født på 1800-talet i Andalusia. Fjernt herifrå, kan ein seie. Men ein blir så nær Lorca når ein les dikta hans, og etter at eg begynte å gjendikte han, gjekk det

mange år der eg alltid hadde ei bok av han i veska.

Men det er ikkje berre avstanden mellom 1800-talets Lorca og kvardagen framfor pc-skjermen og ordbøken på Nordberg i Oslo som er stor.

På dei mange reisene til Bakke, har ho funne ut at jo meir ho lærer både om språk og kultur, jo tydelegare blir det kor lite ho kan.

- Ein gong eg var i Guatemala, skulle eg forklare folk kvar eg kom frå. "Noreg", sa eg. "Hæ", sa dei. "Skandinavia", sa eg. "Hæ", sa dei. "Europa", sa eg. "Å", sa dei: "Er Europa ein by i USA?"

Stille. Ho ser på meg.

- Då fekk eg litt perspektiv. Jammen er Noreg eit lite land, og jammen ser kartet og verda annleis ut herifrå enn det gjer frå Noreg.

Ho tek ei pause igjen, og tenkjer seg om.

- Så eg synst det er ei stor utviding av livet mitt å kjenne folk frå andre stadar i verda. Og som festspeldiktar kan eg plukke ut forskjellige stemmer, tider, stadar og personar som eg har omsett. Det er mykje å ta av. For omsetjingar, det er jo verda det. Eg vil gjerne vise at det er ope ut, at ein må reise ut, lære seg språk, lese, skrive meir.

Sognsvann-bana dundrar forbi igjen. Bakke set frå seg den tomme, blåmønstra tekoppen og kikar ut vindaug, mot ein regntung by bak eplehagane. Lærarinna frå Australia visste neppe kor viktig ho skulle bli for ein av elevane sine då ho flytta til Sande. Men kanskje visste dei kunnskapssjuka, lærevillige folka rundt unge Tove Bakke at dei sådde eit frø til kunnskapsvilje og nysgjerrighet som kom til å føre ho verda rundt. Om nokre dagar kjem ho til å lese dora til trevillan på Nordberg, og dragse koffertane sine mot Gardermoen og Paris. Der blir ho resten av hausten, for å gjere ferdig omsetjinga av neste bok frå franske Gavalda.

- Sjølv om ein er frå ein liten gard, og ikkje har akademarslekt, er det ikkje gitt at ein må bli der resten av livet, at ein ikkje kan utvikle seg.

- Berre Tenk på Olav H. Hauge! utbryt Bakke.

- Han sat aleine, og hadde ikkje høve til å reise eller å studere. Likevel omsette han litteratur frå kinesisk, fransk og tysk. Han såg ut over grensene. Han såg til verda. Han er eit stort førebilete.



Sjølvmelding

SJØLVMELDING

Namn: Tove Bakke

Alder: 53

Bur: Fast adresse i Oslo. Bur midlertidig i Paris fram til jul.

Sivilstatus: Gift på tolvte året med forfatar Ragnar Hovland.

Aktuell med: Festspeldiktar for Dei Nynorske Festspela i 2009, den første omsetjaren som nokon gong har fått denne utmerkinga.

Les: Alt. Eg les mykje utanlandsk litteratur for å halde meg språkleg oppdatert, men akkurat no les eg Rune Timberlid sin nye krim. Dessverre les eg altfor mange aviser.

Førebilete: Magne Rommetveit. Han utvidar livet mitt kvar dag, gjennom den elektroniske synonymordboka "Med andre ord". Den burde vere installert på alle offentlege pc-ar i landet.

Merkeklede skapar identitet

På Voss sel dei kule merkeklede på nynorsk

ASTRID EIDHAMMER HJELMELAND
astrid@norsk-plan.no

- Vi er stolte av å ha hovudkontor på Voss og distriktkontor i Oslo, seier marknadsleiar i skigutane Kjetil André Haugland. Opphavet til bedrifta er på Voss og språket er med å byggja opp under identiteten vår. I skigutane AS finn du marknadsleiar og varestremsleiar i staden for marknads- og logistikksejef. Jentene på økonomi heiter talausar.

Frå å vera ei hobbyverksemd nærmar Skigutane AS seg 200 millionar kroner i omsetnad i 2008 og har 85 tilsette fordelt på kontor i inn-og utland. I dag jobbar verksemda med merkevara Bula, Kari Traa, Linken, Åsnes og Extrem.



Kari Traa er internasjonale kulekøyrrar og står bak det suksessrike klesmerket Kari Traa (Alle foto: www.kari-traa.com)

NATURLEG MED NYNORSK

Saman med saman med den internasjonale kulekøyrraren Kari Traa frå Voss har Skigutane AS bygd opp kleskonseptet Kari Traa AS.

For Kari Traa AS er nynorsk eit naturleg val i all marknadsføring, seier Sissel Himle marknadssejef i Kari Traa AS. Skal det vera på norsk må det vera på nynorsk, og skal det vera for alle blir det på engelsk. Det har aldri vore aktuelt å nytta bokmål i marknadsføring av produkta til Kari Traa, held ho fram.

Kule klede for tøffe og kule jenter, alt fronta på nynorsk i ei kommersiell verd er ikkje kvardagskost, men i følgje Himle har dei ikkje fått anna enn positiv tilbakemelding.

- Alt i alt er det berre positivt å hente, seier ho.

SPRÅK OG IDENTITET

Himle sit med eit inntrykk av at kommersielle aktørar og reklamebransjen er blitt meir opptekne av historie i si formidling av produkt. Her spelar språket ei viktig rolle. Ved å nytta språk vil ein også vise tilhøyrse til ein stad.

Kari Traa AS hentar mykje inspirasjon frå heimstaden Voss i Hordaland når nye klesprodukt vert utvikla, og til dømes er uttrykk henta frå "Vossamål" blitt nytta som produktnamn.

KONSEKVENT SPRÅKBRUK

Bedrifta Kari Traa AS der Kari Traa er konseptansvarleg har base på Voss og hadde i 2007 ein dobla omsetnad frå 25 til 50 millionar kroner.

Me veks og får nye tilsette og samarbeidspartnarar som ikkje har nynorsk som hovudmål, seier Himle. Det gjer det sjølvsgatt vanskelegare å vera konsekvent i bruken av nynorsk, men me er veldig bevisste på å nytte nynorsk som målform på nettstaden vår og i marknadsføringa av produkta.

NYNORSK PÅ NETT

På nett finn du både nettstadane til Skigutane AS og Kari Traa AS på nynorsk. Det same gjeld for Åsnes.

- På Voss er språket nynorsk og då er det heilt naturleg for oss å nytte dette, seier Himle. Det er identiteten vår.

Haugland i Skigutane AS er samd og understrekar at det er mykje som hender på bokmål.

- Me skal oss ut på ein positiv måte ved å nytta nynorsk, seier Haugland. Han har aldri opplevd at det har vore eit problem å nytta nynorsk verken i stillingsannonser, på nettstaden eller generell marknadsføring.

- Vi er stolte over språket vi nyttar, avsluttar han.



Nynorsk på nett

Kari Traa AS

Kari Traa AS vart etablert av Kari Traa i 2002 av ein nybakt olympisk meister, Kari Traa, hennar kulekøyrrar, venn og store forbilde, Hans Engelsen Eide og sykkelfantomet Øyvind Lauritzen. Hans og Øyvind som frå før av hadde det veletablerte selskapet Skigutane AS tok på seg arbeid med produksjon og salg av klede Kari Traa.

Kjelde: www.karitraa.com

Kulejenter

I slutten av oktober startar ein ny serie på NRK; Kulejenter med Kari Traa skilag. I alt får sjåarane følgja jentene på skilaget til Kari Traa fire laurdagar i haust. Kari Traa skilag er initiert av Kari Traa i samarbeid med Norges Skiforbund og Olympiatoppen, for å ta opp arven etter Kari Traa då ho la

opp etter OL-sølv i Torino 2006

Kjelde: www.karitraaskilag.no

Skigutane AS

Skigutane AS har røter tilbake til tidleg -90 tal, då bedrifta skaffa seg rettane til å importera BULA varer til Norge. Sidan dess er kontoret på Voss utvida med distriktkontor i Oslo, Strømsnes i Fjaler, Åre og i Stockholm og produksjonskontor i Shanghai i Kina

Frå å vera ei hobbyverksemd nærmar Skigutane AS seg 200 millionar kroner i omsetnad i 2008 og har 85 tilsette fordelt på kontor i inn-og utland. I dag jobbar verksemda med merkevara Bula, Kari Traa, Linken, Åsnes og Extrem.

Kjelde: www.skigutane.no

Grandiosa og Lerum – saft på nynorsk

Det blir meir nynorsk i norsk reklame, skriv Dagens Næringsliv.

JUDITH SØRHHUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no



Illustrasjonsfoto: www.sxc.hu

Av totalopplaget til Viasat sitt reklameblad på 845.000 eksemplar er 98.000 på nynorsk og skal delast ut i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane.

- Me ynskjer å skilje oss litt ut og kjem nærare kundane. Det er første gang me driv marknadsføring på nynorsk, og me har fått positive attendemeldingar til denne tid, seier

Reklamefilmene til Lerum er eit anna døme der nynorsk og dialekt vert brukt som eit verkemiddel. I filmene er alle skodespelarane amatørar og frå distriktet.

- Når dialekten først er der, trur me den gir auka merksemd. Samstundes er det viktig at den ikkje blir så brei at den blir forstyrrende og rar, seier konsulent Tor Anton Bjørge i Bates United som står bak filmene til næringsavisa.

Andre som brukar nynorsk i reklame sine er Kari Traa, Arne Brimi, Synnøve Finden, Ikea, Sætre og Teleonor. Til og med reklamemusikken til Grandiosa er på nynorsk.

- Me testa songen på masse ungdom, og alle syntest den nynorske versjonen var kulast. Nynorsk er eit ganske flott språk, særleg i song, men i dei fleste tilfelle vert det berre rar, seier kreativ leiar Kjetil Try i reklamebyrået Try til Dagens Næringsliv.

presse – og informasjonsansvarleg Øystein Hygen Christensen i Viasat til Dagens Næringsliv.

Vil ikkje lese nynorskbøker

Monica Eide har kartlagt bruken av nynorskbøker i barnehagar i Oslo. Ho slår fast at dei tilsette ikkje vil lese bøker på nynorsk for ungane, skriv Utdanning.

JUDITH SØRHHUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

Kartlegginga er grunnlag for Eide si bacheloroppgåve der ho skriv at seks prosent av bøkene Deichmanske bibliotek i Oslo låner ut til barnehagane er på nynorsk. I oppgåva fortel også Eide at ein av bibliotekarane, som sjølv er nynorskbukar, har slutta å tilrå nynorske bøker sidan det kom så mange negative reaksjonar på tilråingane, skriv Utdanning.

Monica Eide har også undersøkt kva for nokre bøker dei les i tre av byen sine barnehagar. Av til saman 120 bøker var åtte på nynorsk.

- Når førskolelærarar i Oslo nyttar nynorske bøker, omset dei bøkene til bokmål medan dei les, seier ho til fagbladet.

Leiar i Norsk Målungdom, Jens Kihl, meiner kvaliteten på dei nynorske barnebøkene er gode.

- Nynorske småbarnsbøker haustar prisar i bøtter og spann, og det er til nynorsk dei beste utanlandske bøkene blir omsette, seier han i Utdanning og legg vekt på at ungane går glipp av mykje kvalitetslitteratur dersom dei ikkje får høyre nynorsk, og ikkje minst går dei glipp av å oppleve toleransen mellom to likeverdige språknormer.

Mot nye mål

11.500* unike brukarar
169.000* sidevisingar i veka
Oppdatert kvar dag



24.000** lesarar
måndag tysdag onsdag
torsdag fredag

= større dekning

Sunnhordland

* I snitt pr. veka ** Gallup 1/2007

...situasjon at for å
nye ting, in
me. Dette si
e, kommer
ipsupporter
Han pekar
ske analyse
tar at presse
te teneste
resteringer
n torer til
sm, og pro
Sveio kom
ert mykje. I
skuleg å
seier eller
tanfor dei ramme
er tilfeldt man ar
en verkj andre
rapporten
n rapporten
grunn til un
for halda fram
t sett i gang
nen og følgje
erlegge til
Mellem det
y til, er ein total
alle teneste
på å få fram
sial. Dette
ta, retta, sa
ingar som
norskavise
vil de kart
på einpar
ika omstill
å sjå til at de
rdoring av le
ysing av desse
erke delegasjon
å grunnomst
del for tilde
sar til skul
beidet med
ministrativ
på å frigi
da fram.
Det gir va
spira at det
er sjølvsagt
nspillet er
resultatet
innen er kom
g, men den
nømt sett p
kney emne
iplin.
Fala for fø
ertorbuk på
llionar kroner. Ra
barnehag
ik på 3,1
ma opp i 3,7
e gjort kor
område, he
er overforbu
og vil kunne
som det
dringar. På
ntennikoma
ene barne
reskoyla - H
i Fjoldoy
ol, men er
no ikkje f
ss, kommun
llon, anna
000 kroner
saka har v
nnumen eter
vart vurdert
met. Eigare
vedtaket,
ide difor sak
innen i vint
e, månede
me jekk til
me saka er
i klagenst
sjølv kan
u dette med

Godt nøgd nynorsk budsjettvinnar

– Med ei løyving på 10,1 millionar kroner kan vi utvikle enda betre publikumstilbod for både barn, unge og vaksne, seier ein svært nøgd direktør Ottar Grepstad i Nynorsk kultursentrum om statsbudsjettet for 2009.



Direktør Ottar Grepstad i Nynorsk kultursentrum er svært nøgd med løyvinga på 10,1 millionar kroner i statsbudsjettet. (Foto: NPK)

– Vi skal vera til nytte for andre og gjera det lettare å vere nynorskbrukar. Vi når alt ut til svært mange. No får vi meir pengar for å nå ut til endå fleire. Då er det berre ein ting som gjeld. Det gjeld å skjerpe seg, seier Grepstad.

Dei siste tre åra har driftstilskotet frå staten auka med heile 35 prosent. Det gjer Nynorsk kultursentrum til ein av budsjettvinnarane. Nynorskdirektøren ser det som eit uttrykk for at Nynorsk kultursentrum har tillit i breie kringar.

– Vi er glade for at styresmaktene ser det arbeidet vi gjer, og at mange meiner det er viktig. Pengar er ei tillitserklæring ingen kan misforstå, seier Grepstad.

INGEN TING TIL JON FOSSE-ARKIV

Kva pengane skal brukast til, avgjer styret når det fetsat drifts- og investeringsbudsjettet for 2009 seinare i haust. Nynorsk kultursentrum søkte om auka driftsmidlar for å kome i gang med å planleggje det store Ivar Aasen-jubileet i 2013, utvikle eit norskspråkleg dataspel for barn og lage ny utgåve av det populære Dialektspelet om norske dialektar.

Vonbroten er at regjeringa ikkje har foreslått ei første løyving til

Jon Fosse-arkivet. På grunnlag av eit svært innhaldsrikt forprosjekt, søkte Nynorsk kultursentrum saman med Det Norske Samlaget og Det Norske Teatret om pengar til å byggja opp eit arkiv som dokumenterer den internasjonale utbreiinga av forfatterskapen til Jon Fosse.

– Det hastar å kome i gang før verdfull dokumentasjon blir borte, så vi gir oss ikkje, seier Grepstad.

KVALITET PÅ NETT

I statsbudsjettet fører regjeringa også vidare løyvinga til publisering av elektronisk kvalitetsinnhald på nynorsk på internett. Dette prosjektet samarbeider Det Norske Samlaget og Nynorsk kultursentrum om.

I fjor gjekk alle dei friske pengane i statstilskotet til Dei Nynorske Festspele. Medan mange festivalar no slit tungt økonomisk, er Festspele dermed i ferd med å få eit sikkert økonomisk grunnlag for kunstnarleg satsing og brei publikumsappell.

POLITIKK FOR SPRÅKLEG MANGFALD

I åra frå 2009 tek Nynorsk kultursentrum mål av seg til å bli ein kulturinstitusjon i dialog med mange land.

– Når staten satsar slik på oss, kan vi utvikle verksemda kring Ivar Aasentunet som eit permanent bidrag til det kulturelle og språklege mangfaldet i Noreg, seier Grepstad, som trur den norske roynsla med politikk for språkleg mangfald er interessant for mange land.

For fleire år sidan samla eit breitt stortingsfleirtal seg om at nynorsk skriftkultur skal styrkjast systematisk fram til 200-årsjubileet for Ivar Aasen i 2013.

– Regjeringa Stoltenberg har halde stø språkpolitisk kurs og følgd opp med nødvendige løyvingar. Nynorskinstitusjonar har alltid vore vane med å få mykje ut av lite, men det trengst meir pengar i åra framover for å nå dei høge måla i språkmeldinga, seier Grepstad. (©NPK)

Klart for Hotell Ivar Aasen

I slutten av oktober opnar Hotell Ivar Aasen i Ørsta dørene. Det er gamle Viking Fjord Hotell som på denne måten markerer utviding og dobling av romkapasiteten med nytt namn.

– Vi gler oss, seier Bjørg Eikrem, hotellsjef sidan 2004 og sjølv oppvaksen i nabobygda Volda.

Det kan synest både rett og rimeleg at bygda som fostra «far» til nynorsken, Ivar Aasen, og som er sete for Aasen-tunet og Nynorsk kultursentrum, også kan skilte med sitt eige Ivar Aasen-hotell.

Det skjer etter ei investering på 40 millionar kroner, der kapasiteten er utvida frå 40 til 75 rom, og med ein ny, stor bankett- og konferansesal. Inkludert er 3 suitar. Ein kunstnarsuite, sjølv sagt, og ein Ivar Aasen-suite, medan den siste har fått namnet Saudehornet, oppkalla etter det høgaste fjellet i Ørsta, 1.303 meter over havet og åstad for eit velkjent idrettsarrangement første helga i august kvart år.



Hotellsjef Bjørg Eikrem, gler seg til nytt namn på det gamle Viking Fjord Hotell. (Foto: NPK)

DESIGNHOTELL

– Eigarane våre satsar på design og særpreg, og det blir ikkje to heilt like rom på hotellet, fortel ein entusiastisk hotellsjef Eikrem.

– Kvart rom skal ha sitt eige Ivar Aasen-sitat på veggen, og fire lokale kunstnarar får henge opp kunsten sin her. Fargane inne på romma skal harmonere med sjø og fjell, og romma vil bli møblerte i kombinasjon med kunsten på veggene. Det blir kjempetint.

Det er avdelinga til designfirmaet DFY (Design for you) i Ulsteinvik som har ansvaret for interiøret.

LOKALE EIGARAR

Hotell Viking Fjord vart opna i 1965, har hatt fleire eigarar opp gjennom tida, og har mellom anna vore kje-dehotell. No er det selskapet Kamasi Holding som eig hotellet.

Bak dette eksotisk klingande namnet står tre forretningsmenn med solide røter i Ørsta og på Sunnmøre og med sans for merkevareprofil bygd på lokal identitet.

Utvidinga skal vere ferdig til 28. oktober. Samstundes skjer namneendringa frå Viking Fjord Hotell til Hotell Ivar Aasen.

OPPUSINGA HELD FRAM

Men arbeidet er ikkje ferdig. Heile den gamle delen av hotellet skal pussast opp i same stilen. 1. mai skal Hotell Ivar Aasen vera nyoppussa og klart for dei nynorske festspela.

– Ja, vi har godt samarbeid med Nynorsk Kultursentrum og med Dei Nynorske Festspele. Når vi no har betra hotelltilbodet vårt, håpar eg vi kan utvide dette endå meir, seier Bjørg Eikrem. (©NPK)

Ein halv million til nynorsk mediespråk

Vinjefondet, som vart lova i språkmeldinga, er utsett fordi det trengst betre førebuingar.

– Dette er i alle fall ein start, og vi skal gjera det vi kan for å bidra til å utvikla Vinjefondet, seier Berit Rekve, leiar for Mediemållaget.

I framlegget til statsbudsjett for 2009 går det fram at av den avsette potten på 4 millionar kroner til oppfølging av språkmeldinga er 0,5 millionar kroner øyremerkte til tiltak for å fremje nynorsk i media.

– Dette må sjåast i samanheng med det som er uttalt i språkmeldinga om etablering av eit eige fond kalla Vinjefondet, med hovudformål å styrkje nynorsk journalistikk og annan publisistisk verksemd på nynorsk. Etablering av eit slikt fond krev meir omfattande førebuing, heiter det i budsjettframlegget. (©NPK)

500.000 til LNK

Den største potten av nynorsk-midlane i statsbudsjettet går til Det Norske Teatret, som får auka sine statlege løyve med 6,4 millionar. Det Norske Samlaget får to millionar kroner ekstra, Nynorsk Kultursentrum ein million og LNK og Noregs Mållag får 500 000 kroner ekstra i tilskot.

Bli med i Fagforbundet!

Fagforbundet er det største forbundet i LO, med rundt 290 000 medlemmer. Arbeidstakarar i kommunale, fylkeskommunale og private verksemder kan bli medlem i Fagforbundet. Di fleire vi er, di større gjennomslag vil vi ha for rettferdig løn og trygg og god behandling på arbeidsplassen.

Fagforbundet bidreg til å skape offentlege tenester og arbeidsplassar med god kvalitet. Det må vere samsvar mellom det menneska har behov for, og det tilbodet dei får. Berre ein velfungerande offentlig sektor kan gi alle innbyggjarane ein trygg kvardag og lik rett til velferdstenestene.



www.fagforbundet.no Servicetorget: 815 00 040
E-post: servicetorget@fagforbundet.no

Å kryssa ein fjord...



...er eit stort mål for mange. Det gir framtidstru og vekst.

Kommunekreditt vil at det skal bli lettare å kryssa fleire fjordar.

Gjennom femten år har me vist vilje til å finne gode løysingar for kommunenoreg, slik at midlane strekker lenger.

KOMMUNE
KREDITT

NORGE

Beddingen 8, 7410 Trondheim
(Avdelingskontor Oslo: Dronnings Maudsgt. 15, 0250 Oslo)
Telefon: 73 80 95 80, Faks: 73 80 95 81
e-post: post@kommunekreditt.no www.kommunekreditt.no

Abonnement: Send inn denne kupongen, send e-post til tinging@dagogtid.no eller gå til

www.dagogtid.no

Tilbod til studentar: 40% rabatt

JA, eg tingar Dag og Tid i eit halvt år!


Studentpris 402,- Vanleg pris 670,-

NAMN: _____

ADRESSE: _____

POSTNR./POSTSTAD: _____

TELEFON: _____ E-POST: _____



DAG OG TID AS

Svarsending oogo
oogo Oslo

Bykle



Reiselivskommune med kaffe latte – kultur

Kraftkommunen Bykle satsar på reiseliv. No har kommunen også eit aukande folketal.

JUDITH SØRHHUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

Bykle kommune, med sine 910 innbyggjarar, er i vekst. Ei av dei største satsingane er reiselivet, ikkje minst rundt fjellbygda Hovden. Kommunen kan totalt tilby 2.500 varme senger og reiselivet har ei omsetjing på om lag 260 millionar og sysselset 200 årsverk.

- Me er meir ein reiselivskommune enn ein hyttekommune. Mange kommunar, som til dømes Sirdal og Vinje har meir enn våre om lag 2.000 hytter, seier dagleg leiar i Bykle og Hovden Vekst, Kjell Pedersen- Rise og peikar på alt som er bygd opp rundt hyttene. På Hovden er butikkane store deler av året søndagsopne: I følgje Pedersen- Rise handlar det om å vere bevisst på at ein er til for kunden. Det handlar om å utnytte lommeboka til hyttefolk – også på søndag.

- Kaffe latte – kulturen er komen til den yttarste bygda, smiler han.

På Hovden er det både kaffibar, badeanlegg, hudpleiesalong og klesbutikkar.

MINDRE ETTERSPORSEL

I 2002 var det om lag 1300 private hytter i Bykle kommune. I 2007 var talet godt og vel 2000. Og meir skal det bli. Kommunen har planar for om lag 1000 nye hytter og 3.500 nye senger i leiligheter. Ikkje minst gjeld dette eit hyttefelt i Midtregionen. Her



Dagleg leiar i Bykle og Hovden Vekst, Kjell Pedersen – Rise meiner reiselivskommunen Bykle er i vekst og ser med glede på at folketalet stig. (Alle foto: Judith Sorhus Littlehamar)

skal det byggast ut 475 hytteomter. Men også i hytteparadisene Hovden merkar ein no ein viss stagnasjon i marknaden.

- Mitt inntrykk er at dei som ynskjer å bygge hytte på Hovden no er meir avventande enn dei var før, seier dagleg leiar i Otralaft, Peik Bachmann. Otralaft er eit Kristiansandsfirma som har spesialisert seg på levering av laftehytter. Og Bachmann har erfart mindre trafikk på kontoret. Han viser til at mange grunneigarar på Hovden held på dei høge tomteprisane, trass i om etterspørselen skulle gå noko ned.

- Ein gjennomsnittspris for tomt på Hovden vil eg tru er om lag 1,5 – 2 millionar kroner. For dei fleste betyr det at hytte og tomt på Hovden kjem på om lag 4 millionar.

Han trur ikkje finanskrisa er den utløysefaktoren for at færre no vil bygge hytte i fjellbygda. - Det er over tid bygd for mykje på Hovden. Og 70 prosent av dei som har bygd er entreprenørar og andre som vil selje vidare.

Bykle kommune opprettar no ein ekstra skatt ved bygging av hytter, kommunen vil nemleg krevje 30.000 kroner for kvar ny hytte eller leilighet som vert sett opp i Bykle. Pengane som kjem inn skal øyremerkast til å vidareutvikle løypenettet i kommunen.

På heilårsbasis utgjer gjesteovernattningane i kommunen 1750 innbyggjarar. Medan talet på dei kommersielle gjestedøgn har gått noko ned, frå om lag 16000 i 2005 til om lag 13000 i 2007 har talet på hytteovernattningar auka frå om lag 22000 i 2005 til i overkant av 25000 i 2007.

90 PROSENT MED BREIBAND

I følgje Pedersen – Rise er ein også i kommunen oppteken av å bygge ut sentrumet på Hovden. I det nye sentrumsbygget Hovdetun er det 26 kontor, kaffibar og klesbutikk. Berre eit av kontora står utan leigetakar. - Kommunen tok ein risiko med å bygge Hovdetun og satsa på at det ville bli fylt opp. Det er det blitt. Og me ser at mange vel å ha kontordagar på Hovden medan dei er på hytta og strekker helga frå torsdag til måndag, seier Pedersen – Rise som også lovprisar Bykle si satsing på breiband.

- Over 90 prosent av innbyggjarane i Bykle har breiband heime. Me lever i

eit moderne samfunn der skillet mellom den primære bustaden og hytta vert mindre og mindre, meiner han.

Bykle er også ein gründerkommune, og vart i 2007 kåra av Aftenposten som "Årets gründerkommune". Mange av etablerarane er unge, og mange er kvinner, seier Pedersen – Rise.

Pedersen – Rise meiner også det er totalmenyen Bykle kan tilby som har gitt vekst i folketalet og gjort ikkje minst Hovden til ein populær fritidsstad. Han viser også til utbygginga av skiserteret mot Breive som har dobla kapasiteten, effekten av å ha eit eige skigymnas på Hovden og arbeidet med å gjere Rv 9 om til to-felts veg.

Fokus på fjellturisme

Arena prosjektet Innovativ Fjellturisme saman med det lokale reiselivet arrangerer konferansen "Fremtidens fjellturisme" på Hovden 27 – 28 oktober. Her kan du høyre meir om livet som gründer, forretningsidear, produktutvikling og tilrettelegging av naturopplevingar.

Blant føredragshaldarane er Rocker, gründer & innovatør Putte Svensson, fra Hultsfred festivalen/Rock City og Reggissør, påtroppende teatersjef ved Agder Teater Ingrid Forthun og Reiselivsdirektør Per-Arne Tuftin, Innovasjon Norge.

Bykle



Draumen var eiga bedrift



Gyri Bjåen tok sjansen å starte eiga bedrift i heimkommunen Bykle. Her serverer ho Bess Årvold, Målfrid Kjosnes og Caroline Årvold. (Foto: Tor Hallvard Mostøl)

Gyri Bjåen (26) er ein av fleire unge gründerar i Bykle. I 2007 starta ho opp Høydepunktet Kaffibar.

JUDITH SØRHHUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

Gyri Bjåen er opphavleg frå Bykle og har bakgrunn som formgjevlærar frå Oslo. I fjor tok ho sjansen med å fylgje draumen: flytte heim og starte si eiga bedrift. Med Høydepunktet

Kaffibar håpar ho å gi både fastbuande og turistar eit tilbod dei hadde behov for.

- Noko av det beste med å flytte heim og bu i Bykle er at eg får sjansen til å vere sjølvstendig næringsdrivande. Det er ein fin kommune å bu i, men eg merkar jo at det er mykje som er forandra sidan eg budde her sist, seier ho.

HOVDEN I ENDRING

Ho er bevisst på at heimbygda Hovden har endra seg og er i ferd med å bli

ein nærast reindyrka turiststad. Noko som ikkje alltid er like positivt.

- Viss dei vil ha fleire fastbuande må dei gjere meir enn å satse på badeanlegg og skiløyper, seier ho og sparkar litt mot kommunen som ho til tider meiner prioriterer hyttefolket litt vel mykje.

På mange måtar står kanskje Bykle ved eit vegskilje no.

- Hovden kan enten bli ein veldig sossete plass dei neste åra, eller så vert det ein veldig bra bygdeplass, meiner ho og viser til at mykje rulle- rante arbeidskraft og sesongarbeida-

rar fører til at bygdelivet vert mindre synleg på Hovden.

GOD MOTTAKING

Men ikkje alt er like mørkt. Ho meiner sjølv ho har fått ein kjempeerfaring med å starte eiga bedrift og gler seg over mottakinga kaffibaren har fått.

- Eg sel litt garn, blomar og gaveartiklar i tillegg og responsen har vore veldig god. Men det er klart det er tøft å drive heilårsnærings. Sesongen er nokre få månadar, resten av året må ein leve av det ein har spart opp.

OLE BRUM, OLA TVEITEN ELLER BARBIE? KOR HENTAR BARNA OPPLEVINGAR FRÅ?

Pirion er ei kulturavis for tilsette i barnehage og småskule og elles andre som arbeider med små barn.



PIRION-ABBONNEMENT

Ja takk, eg/vi vil tinge eit abonnement på Pirion
Me doblar tilbodet men ikkje prisen. For kr 225,- får du tilsendt Pirion i posten åtte gonger i året. Abonnementet gjeld til det blir sagt opp skriftleg.

Flere utgaver og nytt formål!
Namn: _____
Barnehage: _____
Adresse: _____ Postnummer: _____ Poststad: _____
Telefon: _____ E-post: _____

Send ein epost til pirion@norsk-plan.no eller send kupongen til Pirion, Norsk Plan as, Næringsbedet i Våtlandsvåg, 4235 Hebnes. Tlf. 52 79 04 84, Faks 52 79 04 81.



PIRION-KURS

Kursaldarar med brei erfaring frå folkemusikk, forteljekunst, drama og kulturliv generelt. For meir informasjon www.pirion.no eller ta kontakt med Astrid E. Hjelmeland på 52 79 04 84 eller pirion@norsk-plan.no

Bykle



Antikvarisk satsing

Bykle Vindu satsar på antikvariske produkt og har kundar som stortingskvartalet og Nasjonalbiblioteket på skrytelista.

TEKST OG FOTO: JUDITH SØRHHUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

Bykle Vindu er ein del av Bykle Industri AS som har hovudkontor i kommunesenteret Bykle. I konsernet er også søsterbedriftene Grindland Trevarefabrikk AS og Pyrokno Norge AS. No satsar konsernet på å utvikle antikvariske løysingar spesielt for den enkelte kunden. Marknadsjef Jan Rasmussen i Bykle Vindu er optimist.

- I framtida ynskjer me å satse på rehabilitering av bygg. I søsterbedrifta Grindland Trevarefabrikk er det alt investert mykje for å reinyrke det antikvariske. Det kan også vere lurt å vri oss over på denne marknaden

sidan hyttemarknaden har stagnert noko, seier han.

Hovudproduksjonen til Bykle Vindu er hyttevindauga og gamaldagse vindauga med ekte sprosper. Bedrifta har i dag 19 tilsette og ei målsetjing om å nå 25 millionar kroner i omsetjing. Sjølv om bedrifta går godt er det framleis eit lite stykke att før det målet er nådd, fortel Rasmussen.

No er målet å spesialisere seg på antikvariske løysingar.

- Dersom me ikkje har den profilen som antikvaren ynskjer lagar me den. Uheldigvis er me ikkje heilt åleine på marknaden, men me byrar å få oss eit namn, seier Rasmussen.

No investerer bedrifta, blant anna i ein tilpasningsmaskin til fire millionar kroner.

- Me produserer jo antikvariske vindauga i dag også, men me gjer det på antikvarisk vis, smiler marknadsjefen.



Villreinen med verneområde

60 prosent av Bykle kommune er verna. Setedal Vesthei – Ryfylkeheiane er nemleg eit av dei største verneområda i Norge og villreinen sitt rike. Her er eit variert naturlandskap som altså er leveområdet for Europa si særlegaste villreinstamme. Setedal Vesthei omfattar så å seie alt terreng vest for Rv 9 i Bykle Kommune.

Kjelde: www.hovden.com

Flyskule i vinden



Helikopterselskapet ScanAviation har base på Hovden og i Stavanger. Selskapet som held til i sørenden av Hartevatn tilbyr blant anna flytimar, lasteflyging, flyfoto og sightseeing. ScanAviation er Norge sin eldste helikopterskule og hadde tidlegare namnet Fjellfly. Skulen vart etablert i 1977.

(Foto: Judith Sørhus Littlehamar)

Bykle kommune



Bykle kommune har visjonen: Bykle ser langt. Kommunen er mest kjend for turisme, reiseliv og skimiljøet på Hovden, ikkje minst ved skigymnasnet. Store deler av næringslivet i fjellkommunen har også sterke band til den lokale identiteten, særleg og tradisjon.

Bykle ligger i Aust Agder og er den nordlegaste kommunen i fylket. Nabokommunane er Vinje og Tokke i Telemark og Suldal og Hjelmeland i Rogaland. I syd grensar Bykle til Valle kommune.

Areal: 1.552 kvadratmeter
Heile 60 prosent av arealet er verna
Folketal: 910 innbyggjarar
Lokalavis: Setesdølen

Ordførar: Kay Arne Jeiskelid (H)
Varaordførar: Anne Ellen Senum (Bykle Bygdaliste)

Kommunestyret har 13 medlemmer, fordelt slik:

Ap	3
SV	1
Sp	1
KrF	1
Venstre	1
Høgre	4
FrP	1
Bykle Bygdaliste	1

Les meir her: www.bykle.kommune.no
www.hovden.no

Last ned dei viktigaste programma på nynorsk. Gratis!

Microsoft har som mål at så mange som mogleg får ei god brukaroppleving på sitt eige språk. Difor leverer vi dei mest populære produkta våre på nynorsk og bokmål.

Har du kjøpt Windows Vista eller Microsoft Office 2007 kan du enkelt laste ned nynorskutgåver. Utan kostnad. No finn du også OneNote, den digitale notatblokka, i nynorsk utgåve.

www.microsoft.no/nynorsk

REZER



Microsoft
Dine muligheter. Vår inspirasjon.™

Næringslivet treng språkdebatt

Nynorske litteraturdagar i Aurland inviterer næringslivet til å tenkje nynorsk og ikkje bokmål i marknadsføringa si.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

- Vi registrerer at mange store reiselivsaktørar bevisst brukar bokmål i profilering og merkevarebygging. Derfor inviterer vi til ein debatt om korleis ein kan nytte nynorsk som forretningspråk, seier prosjektleiar for Nynorske litteraturdagar, Arve Tokvam. Debatten er ein del av eit næringsseminar der også næringsutvikling og humor i arbeidslivet har fått sin plass.

STOLTE I AURLAND

Nynorske litteraturdagar blir arrangert i Aurland kommune i månads-skiftet oktober-november. Ifølgje Tokvam er motivet for litteraturdagane meir identitet enn rein målsak. - For Aurland kommune er det viktig å signalisere at vi er stolte



Terje Torkildsen frå Humorfestivalen i Stavanger skal halde Stå-opp-verkstad for elevane, med etterfølgjande framføring for alle ungdomsklubbane i Indre Sogn. (Foto Phillip Tornes)

av nynorsken og at vi ønskjer å bruke dette språket i alle samanhangar. Vi ønskjer at litteraturdagane skal vere eit folkeleg arrangement. Det er tredje året Aurland arran-

gerer Nynorske litteraturdagar, og i år har dei gått inn for å nå ut til nye målgrupper. Derfor er mellom anna nokre av arrangementa lagt til eldreheimen, slik at folk som vanlegvis

ikkje er så mobile også kan få delta.

LÆRER UNGE Å STÅ OPP

Barn og unge er ei anna satsingsgruppe, og dette året skal ungdomsskulelevar i Aurland lære seg stå-opp-komikkens edle kunst. Terje Torkildsen frå Humorfestivalen i Stavanger skal halde Stå-opp-verkstad for elevane, med etterfølgjande framføring for alle ungdomsklubbane i Indre Sogn.

Bøker og forfattarar står elles i sentrum, slik det høver seg eit litteraturarrangement. Det blir både bokbad, bokkafé og ikkje minst slepp av to nye bøker frå regionale forlag. - Avslutninga på Nynorske litteraturdagar er dessutan i sin heilskap vigd Olav H. Hauge og Geirr Tveitt, fortel Arve Tokvam.

Dei fleste
av oss er
opptekne
av å nyte
livet her
og no



Sjølvsagt skal du nyte dagen i dag. Likevel kan det vere lurt å tenkje litt på dagane som kjem. Eller å la oss i KLP gjere det for deg. Gjennom snart 60 år har vi levert pensjon til kommunar, fylkeskommunar, helseforetak og bedrifter. Målet har heile tida vore å levere den beste pensjonsordninga i marknaden, slik at de som arbeider i det offentlege skal kunne gå pensjonstilvera trygt og optimistisk i møte.

Det er viktig å leve i "nuet". Men det er ganske fint å ha noko å sjå fram til også!

KLP
for dagane som kjem

Hordaland Teater presenterer

VESTLANDS-REVIYEN

PÅ TUR

HALVOR FOLGERØ • RAGNAR HOVLAND • FINN TOKVAM
OLAV STEDJE • CLAUD SELLEVOLL

Regi: Arvid Ones

Rabatt til alle
mållagsmedlemer!
Kr 280,- + avgift

HORDALAND TEATER
1900 2008

- TORS 09.10 **MÅLØY**
Nordfjordhallen
- FRE 10.10 **FLORØ**
Flora Samfunnshus
- LAUR 11.10 **FØRDE**
Førdehuset
- ONS 15.10 **BØMLO**
Bømlo Kulturhus
- TORS 16.10 **STORD**
Stord Kulturhus
- FRE 17.10 **HUNDVIN**
Dalheim Ungdomshus
- LAUR 18.10 **ÅL**
Ål Kulturhus
- TORS 23.10 **ÅNDALSNES**
Rauma Kulturhus
- FRE 24.10 **ÅLESUND**
Arbeideren
- LAUR 25.10 **ÅLESUND**
Arbeideren
- ONS 29.10 **VOSS**
Vossasalen
- TORS 30.10 **AURLAND**
Aurland Samfunnshus
- FRE 31.10 **SOGNDAL**
Sogndal Kulturhus
- ONS 05.11 **STRANDA**
Storfjord Kulturhus
- TORS 06.11 **VOLDA**
Volda Kulturhus
- FRE 07.11 **STRYN**
Stryn Kulturhus
- LAUR 08.11 **HØYANGER**
Høyanger Samfunnshus
- TIRS 11.11 **ODDA**
Odda Kino
- ONS 12.11 **HUSNES**
Husnes Kulturhus
- TORS 13.11 **TYSVÆR**
Tysværtunet
- FRE 14.11 **ETNE**
Etne Kulturhus
- LAUR 15.11 **SULDAL**
Suldal Kulturhus
- SUN 16.11 **BERGEN**
Logen Teater



Gallerieigar Anne Killingmo og dagleg leiar ved Bokbyen i Tvedestrand Solveig Røvik. (Foto: Aasentunet)



På vandring med Hoem

No er vandretstilling nummer 100 frå Ivar Aasen – tunet på plass i Bokbyen ved Skagerrak i Tvedestrand.

JUDITH SØRHUS LITLHAMAR
 judith@norsk-plan.no

- Me synest dette er stas, seier dagleg leiar i Bokbyen ved Skagerrak Solveig Røvik i ei pressemelding frå Ivar Aasen – tunet. Bokbyen har lånt utstillingane Diktarens utveggar, om Olav H. Hauge, og I Edvard Hoems tid. Det er utstillinga

om Hoem som markerer det runde talet. I pressemeldinga fortel Røvik at dei skal ha fleire arrangement i samband med utstillinga, som samtale om salmane til Hoem, salmesongkveld og vandring med Hoem i Tvedestrand sentrum. Utstillinga om Edvard Hoem står plassert midt i bokbyen, i ei avdeling som heiter Blå kube og skal vere open seks dagar i veka. Ivar Aasen – tunet lagar to – tre slike temautstillingar i året.

- Det var to tankar bak å lage desse temautstillingane. Det eine var at utstillingane i Ivar Aasen – tunet ikkje skulle vere så statiske. Det skulle

heile tida vere noko nytt i utstillingane. Det andre var at me skulle lage utstillingar som gjorde at det var lett å vise dei andre stadar, seier tidlegare dokumentasjonsleiar ved tunet, Eirik Helleve. (Foto: Ivar Aasen – tunet)

Nynorsk redaktørpris til Haugen og Bjerketvedt

Nynorsk redaktørpris 2008 vart delt ut til sjefredaktørane Arne Sigurd Haugen i Nynorsk Pressekontor og administrerande direktør Pål Bjerketvedt i Norsk Telegrambyrå.

JUDITH SØRHUS LITLHAMAR
 judith@norsk-plan.no

Dei to får prisen for samarbeidsavtalen mellom NPK og NTB og det viktige utviklingsarbeidet i byråa som følgjer av avtalen. - Samarbeidet er strategisk svært viktig for nynorsk som mediespråk. Det gir styrke og gode vilkår for å oppfylle føremålet om å spreia godt journalistisk stoff på nynorsk, seier Berit Rekve, leiar for Mediemållaget i ei pressemelding. Føremålet med prisen er å heidra dei redaktørane som gjer ein ekstra



Arne Sigurd Haugen i Nynorsk Pressekontor og administrerande direktør Pål Bjerketvedt i Norsk Telegrambyrå (t.h) er vinnarar av Nynorsk redaktørpris 2008. (Foto: Noregs Mållag)

innsats for nynorsk som mediespråk. Redaktørane er premissleverandørar for språkpolitikk og språkhaldningar i sine redaksjonar. Mediemållaget ønskjer å framheva dei redaktørane som gir nynorsken gode levekår i journalistikken. Nynorsk redaktørpris vart i år delt ut for femte gong. I fjor fekk Stavanger Aftenblad og

sjefredaktør Tom Hetland prisen. Pål Bjerketvedt har vore sjefredaktør og administrerande direktør for Norsk Telegrambyrå sidan november 2004. Han har tidlegare hatt tilsvarende stilling i Østlendingen, Østlandets Blad, Avisenes Pressebyrå og Gjengangeren. Arne Sigurd Haugen har vore sjefredaktør og dagleg leiar for Nynorsk Pressekontor sidan 2005. Han var konstituert redaktør i NPK frå 2002, og vakt-sjef, nyheits- og nettedaktør i Nationen i perioden 1993-2002. Haugen har også arbeidd som journalist i Drammens Tidende/Buskerud Blad, Fremtiden, Dagbladet og VG.



Det er den svarte prikken
 midt i skiva du skal treffa,
 nett den, der
 skal pili stå og dirra!
 Men nett der treffer du ikkje.
 Du er nær, nærare,
 nei, ikkje nær nok.
 So lyt du gå og plukka upp
 pilene,
 gå tilbake, prøva på nytt.
 Den svarte prikken tergar deg.
 Til du forstår pili
 som stend der og dirrar:
 Her er òg eit midtpunkt.

Av Olav H. Hauge, som ville ha fylt 100 år i 2008.

Kringkastingsprisen til Trude Teige

Kringkastingsprisen vart dette året gitt til Trude Teige, kjend som programleiar for Tabloid på TV 2. Trude Teige brukar dialekt og nynorsk på ein uredd, tydeleg og naturleg måte, kjem det fram i ei pressemelding frå Kringkastingsringen. Som programleiar for eit aktualitetsmagasin med over 200 000 sjåarar, fire gonger i veka, syner ho at nynorsk er eit godt og effektivt nyhendespråk. Kringkastingsprisen blir delt ut til ei røyst som utmerkar seg med godt språk i radio eller fjernsyn og som på ein framifrå måte nyttar nynorsk eller dialekt i det daglege arbeidet, heiter det vidare i pressemeldinga. Kringkastingsringen har delt ut Kringkastingsprisen kvart år sidan 1978. Prisen er eit grafisk blad av kunstnaren Per Kleiva.

ABC
Startsida[®]
 - Ver nynorsk på nett

Din naturlege
 start på
 internett

www.startsida.no